EIDFJORD KOMMUNE

Budsjett 2027

Handlingsdel/økonomiplan 27-30

Formannskapet sitt framlegg til budsjett 2027
Handlingsdel/økonomiplan 2027 - 2030

Innhald

Budsjett 2027 Handlingsdel/Økonomiplan 4
2027-2030 4
Formannskapet sitt framlegg 4
1. Framlegg frå rådmannen 5
2. Rådmannen si innleiing 6
3.Eidfjord kommune sin handlingsdel 8
3.1 Handlingsdel 8
3.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027 8
3.3 Kommunal planstrategi 2024-2027 9
3.4 Økonomisk situasjon 10
3.5 Folketalsutvikling 11
4. Rammevilkår 12
4.1 Regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet 2027 12
5. Økonomiske føresetnadar 16
5.1 Finansielle måltal 17
5.2 Netto driftsresultat – arbeidskapital 17
5.3 Disponering av netto driftsresultat korr. for premieavvik 18
5.4 Lånegjeld 18
5.5 Disposisjonsfond ex. avsetjing til dekking av premieavvik 19
5.6 Utlån 19
5.7 Premieavvik 19
6. Driftsbudsjettet 20
6.1 Driftsbudsjettet 20
6.2 Inntekter 24
6.3 Kostnadar 26
7. Driftsbudsjett 27
7.1 Rådmann, økonomi og HR og organisasjon 27
7.2 Oppvekst og utdanning 30
7.3 Kultur, næring og berekraft 42
7.4 Drift og forvaltning 54
7.5 Helse og omsorg 62
8. Investeringsbudsjettet 83
8.1 § 5-5. Bevilgningsoversikt – investering 83
8.2 Bevilgningsoversikt - investering til fordeling 84

8.3 Tekstleg kommentar investeringsprosjekt 85
9. Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktingar 87
10. Prisar på kommunale tenester 88
11. Gebyrforskrift for plan-, byggje-, matrikkelovs- 94
,seksjonering-, landbruks-, og forureiningssaker 94
Vedlegg 1 - Fondsoversikt 110
Vedlegg 2 - Sjølvkost vatn og avlaup 112
Vedlegg 3 - Gebyrauke Vatn og avlaup 113
Vedlegg 4 - Tilskot 116

Budsjett 2027 Handlingsdel/Økonomiplan 2027-2030

Formannskapet sitt framlegg

16.11.2026 FSK-26/139 – Tilråding

Formannskapet tilrår at rådmannen sitt framlegg av 02.11.2026 til budsjett 2027/økonomiplan 2027-2030 med tilhøyrande budsjettdokument vert vedteke med fylgjande endringsforslag:

Framlegg frå Arbeidarpartiet

Eidfjord Arbeidarparti ynskjer å behalda babysymjing som eit tilbod innanfor eksisterande stillingsheimlar i KNB.

Eidfjord Arbeidarparti ynskjer å starta ein prosess i 2027 for å flytta Evjo aktivitetssenter til Eidfjord fritidssenter i 2028.

Eidfjord Arbeidarparti vil setja vilkår om endeleg investeringsavgjerd frå investorane i Eidfjord Resort for investeringstiltak 202706 Høgdebasseng Sysendalen.

Eidfjord Arbeidarparti ynskjer å oppretthalda beløpet for kultur- og eldsjelpris og næringspris, men auka intervall for begge til kvart fjerde år.

Eidfjord Arbeidarparti ynskjer å finansiera eit forprosjekt i samarbeid med UiB, fylkeskommunen og Hardanger og Voss museum for etablering av eit visningssenter for kulturhistorien i Eidfjord med mål om ein søknad om tilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet til nasjonale kulturbygg i 2029.

Framlegg frå Senterpartiet

Kyrkja: Me vil behalda tilskotet til kyrkja på det opphavlege nivået, me vil ikkje redusera med 180 000 kr slik som føreslått i budsjettet. Det vil seia tilskot på 3 594 000 kr.

Eidfjordnytt: Me vil halda fram med å gje ut Eidfjordnytt, men gå ned til ei gong i året. Me tek bort distribusjonen av avisa, det vil seia at avisa vil plasserast ut på ulike stadar i kommunen slik at folk kan henta ho gratis. Det vil òg vera tilgjengeleg ein nettversjon. Me vil setja budsjettramma på inntil 100 000 kr.

Skulemat: Eidfjord Senterparti vil behalda skulematen. Etter nyttår vil me be om ei sak om korleis kommunen kan halda oppe eit så godt tilbod som mogleg innanfor dei nye budsjettrammene. Me ser for oss å setja ei ramme på inntil 1,8 mill. kr i åra framover. Ynskjer å halda på talet på serveringsdagar slik det er i dag, eventuelt gå ned til 4 dagar i veka.

Barnehage: Ynskjer ikkje å redusera opningstida frå kl. 16.30 til kl. 16.00. Ynskjer opningstida slik ho er i dag. Ynskjer tilbod heile sommaren, men må finna løysingar for reelt behov.

Investering:

202612 – Barnehage – ombygging og justert områdeplan: Eidfjord Senterparti forstår at barnehagen treng nokre oppgraderingar, men ynskjer å få ei sak om dette så fort som mogleg i 2027. Økonomisk ramme må avklarast i denne saka.

Framlegg frå Høgre

Behalda tilskotet til Evjo aktivitetssenter.

Seia nei til sommarstengd barnehage, slik at familiar har tilgang til eit føreseieleg og fleksibelt barnehagetilbod gjennom heile året.

Behalda opningstida i barnehagen til kl. 16.30 for å møta behova til familiar med arbeid og pendling.

Oppretthalda ordninga med skulemåltid innan ei økonomisk ramme på inntil 1,8 millionar kroner.

Oppretthalda tilskotet til kyrkja på 3 594 000 kr.

Endringane frå formannskapet er ikkje innarbeidde i budsjettdokumentet.

1. Framlegg frå rådmannen

Framlagt for kommunestyre 02.11.2026.

1	Budsjett for 2027 og økonomiplan for 2027 – 2030 vert vedteke som det går fram av vedlagde budsjettdokument.
2	For eigedomsskatteåret 2027 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2027 er 7 promille,jf. esktl. § 11 første ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Eidfjord kommune vedtekne i kommunestyret 16.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2027, jf. esktl § 10. Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar i året, med forfall 15. mars, 15. mai, 15. september og 15. november.
3	Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna ut med høgste sats.
4	Eidfjord kommunestyre vedtek låneopptak på kr 31,5 mill. til vatn og avlaupsinvesteringar. jmf kommunelova § 14-15 første ledd. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra inkl. avdragstid.
5	Eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet. Generell auke på 3,0 %

2. Rådmannen si innleiing

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2027 og økonomiplan 2027-2030 gjev eit bilete av dei kommunale tenstene og rammene ein har til rådigheit og korleis dei nyttast for innbyggjarar og besøkande.

Eidfjord kommune er i ei særstiling økonomisk med gode inntekter frå kraft og hamn. Tenestetilbodet er godt og ein har ein skule, ein barnehage og ein bygdaheim. Alt ligg til rette for gode framtidige tenester sålenge ein klarar og tilpassa seg endringar og held kostnadsnivået på eit fornuftig nivå.

Kommunestyret har i økonomireglementet vedteke eit mål om minimum 10 % netto driftsresultat i budsjettet med mål om å ha handlingsrom og tilgjengelege midlar til investeringar og utvikling av kommunen.

Det er eit mål som har satt sitt preg på arbeidet i kommunen i 2026. Kommunalområda har jobba ulikt med oppgåva og fått friheit til å sjå på ulike tiltak og tilpasningar innanfor sitt kommunalområde.

Budsjettdokumentet gjev ei god oversikt over dei ulike oppgåvene kommunen skal løysa innanfor eit bredt spekter av fagområder samstundes som ein innarbeidar endringar og tilpasningar til dei økonomikse rammevilkåra. Kommunens oppgåver er like uavhengig av kommunens størrelse og rammebetingelsane, det er kommunens oppgåve å nytta tilgjengelege ressursane best mogleg for innbyggjarar, besøkande og tilsette.

Økonomiske føresetnadar og utvikling

Budsjettet tar inn over seg ein økonomisk situasjon som for Eidfjord kommune, tilliks med kommunenorge, strammar seg til. Me har eit betre utgangspunkt enn dei fleste kommunar på vår størrelse med inntekter frå kraft og gode og samlokaliserte tenester.

Tilleggsinntektene frå kraft endrar seg over tid, noko ein har fått erfart tidligare og ein må ta det med seg i langtidsplanlegginga av kommunen sin økonomi. Me er heilt avhengige av inntektene frå kraft og eigedomsskatt, som tilsaman utgjer over 110 millionar i 2027 budsjettet, for å oppretthalda dagens drifts- og aktivitetsnivå i kommunen.

Kommunen har eit høgt drifts- og aktivietsnivå om ein samanliknar seg med kommunar på same størrelse, men med ulike rammebetingelsar.Viss ein oppretthald dagens ressursbruk vil kostnadane auke meir enn inntektene framover i økonomiplanperioden.

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 10,1 % for 2027 korrigert for premieavvik og eit netto driftsresultat på 9,9 %. Eit netto driftsresutlat som vil gje kommunen auka handlingsrom til avsettjingar til fond og investeringar for framtidig utvikling og ivaretaking av infrastruktur.

Tenesteproduksjon

Eidfjord kommune har framleis gode føresetnader for å levere gode tenester for innbyggjarane.

Demografienderingar i åra som kjem vil vera ei utfordring for prioriteringar, ressursbruk og rekruttering framover som og treff ein distriktskommune som Eidfjord.

Kostra tal viser at me ligg godt over andre samanliknbare kommunar på kostnadsnivå. Det er eit bevisst val på fleire område der kommunen over tid har satsa på tenestene og fylgt opp myndighetskrav og føringar. Kostratal visar at ein har god kvalitet på tenestene og gode resultat i til dømes skule og innanfor førebyggande arbeid.

Dei store svingingane i inntekter medfører at ein må prøve å innrette seg på ein slik måte at faste kostnadar vert halde på eit akseptabelt nivå. For 2027 har ein gjort grep som i framlegg til budsjett viser at kostnadsnivået gjeng ned frå 2026 til 2027. Arbeidet vil fortsetta inn i økonomiplanperioden og vera ein naturleg del av årlege prosessar.

Det ligg inne ulike endringar i kommunens tilbod og ressursar i budsjettet for 2027. Kvart kommunalområde har konkrete tiltak Frå reine driftskostnadar til årsverk og tilbod retta inn mot innbyggjarane.

Kommunalområda har hatt fokus på å bevara dei gode tenestene, samstundes som ein har sett etter dei best moglege tiltaka for å spara kostnadar, arbeida på ein annan måte eller om det er tenester og tilbod som ikkje er like etterspurte og aktuelle lenger.

Satsingsområde og utvikling

Arbeidsmarknaden er krevjande og det er rift om arbeidskrafta. Eidfjord har gode tenester og gode bygg, men ein må arbeide målretta for å gjera kommunen attraktiv for nye tilsette, og for å behalda kompetanse i organisasjonen. Tilgang til, og behalda kompetanse og arbeidskraft innan viktige område, vert enda meir sentralt for kommunen å ha fokus på. Som ein kommune som ligg utanfor dei store byane, er tilgang til kompetanse og arbeidskraft innan enkelte fagfelt ein utfordring kommunen må løysa på best mogeleg måte.

Og ta vare på det ein eig og forvaltar er vel så viktig som nye tiltak og vidareutvikling i eit kommunebudsjett.

Kommunen har fleire viktige samarbeidspartar som nabokommunar, næringsliv, offentlige myndigheiter, innbyggjarar og besøkande som ein skal oppretthalda god kommunikasjon med.

Utvikling og investering er viktig for ein kommune, ein må utvikla tilbod og infrastruktur i lag med samfunnsutviklinga.

Visit Eidfjord KF er eit sentralt kommunalt føretak som har ansvar for hamn, turisme og spesielt i høve cruiseturisme som er den store bidragsytaren til økonomien i selskapet, men og til kommunen og næringslivet sin økonomi. Visit Eidfjord KF og kommunen styrkar satsinga på cruise ved etablering å idriftsetting av landstraumprosjektet tidleg i 2027.

Kommunen og Sysendalen Skisenter AS arbeider og inn i 2027 med mål om å avklara framtida til Sysendalen skisenter for å følgje opp kommunestyrets vedtak om framtidig drift av skisenter i Sysendalen.

Det er lagt opp til investeringar for 74 millionar kroner i 2027 til ordinære tiltak og sjølvkosttiltak. Fleire av investeringane kjem frå vedtak som er godt forankra i kommunestyret med rapportar og utgreiingar kommunen har gjennomført som grunnlag.

Døme på prosjekt er Kjerøyna for parkering og servicetilbod, samt servicebygg på torgplassen, to prosjekt som ein har mål om at skal gjera flyten i sentrum betre i turistsesongen for innbyggjarar og besøkande.

Det vert stadig press på at kommunane skal løyse fleire oppgåver med dei ressursane ein har. Ulike utfordringar og moglegheiter krev ulik tilnærming og me ynskjer å arbeida for ein samla kommune som i lag møter framtida med gode tenester og skapar eit handlingsrom til utvikling av kommunen.

Budsjett 2027 og økonomiplan 2027 – 2030 legg fundamentet for gode tenester og eit handlingsrom til vidare satsingar. Arbeidet i 2027 og vidare i økonomiplanperioden skal og leggja rammene for gode tenester i framtida med å ta vare på og gje tilbod i alle livets fasar.

3. Eidfjord kommune sin handlingsdel

3.1 Handlingsdel

Økonomiplanen utgjer kommunen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd. jf kommunelova § 14-4 5 ledd.

3.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel set mål og strategiar for utviklinga i Eidfjordsamfunnet i eit 12-årsperspektiv. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast etter trong. Den vurderinga vil skje knytt til kommunal planstrategi kvart fjerde år når nytt kommunestyre skal handsama planstrategien seinast eitt år etter konstituering.

Kommuneplanen sin handlingsdel skal syna kommunen sine prioriteringar og kva kommunen skal arbeida med i dei fire påfylgjande åra eller seinare. Den skal syna ressursfordeling og spesifisera resultatmål og/eller tiltak som kommunen tenkjer å gjennomføra for å fylgja opp måla i kommuneplanen. I Eidfjord vil økonomiplanen utgjera kommuneplanen sin handlingsdel. Planen skal på høyring i 14 dagar før vedtak i kommunestyret. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld desse hovudmåla:

Bukommunen

Mål:

1) Me skal ha eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar
2) Me skal skapa eit triveleg, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplass med rom for aktivitetar knytt til barn og unge
3) Me skal ha fokus på eit godt omdømme
4) Me skal ha gode løysingar for parkering i sentrum og syta for gangavstand til «det meste»
5) Me skal arbeida for å auka bustadmassen i Eidfjord
6) Me skal få folk i tomme hus
7) Me skal ha ein variert bustadmasse
8) Me skal leggja til rette for friluftsliv
9) Me skal ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet
10) Me skal ha eit mangfald av aktivitetstilbod for alle aldersgrupper
11) Me skal vidareføra prinsippet med beste effektive omsorgsnivå – BEON-prinsippet
12) Me skal ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
13) Me skal ha eit godt tenestetilbod til mottakarar med komplisert og samansett tenestetrong

14) Me skal ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse
15) Me skal ha gode oppvekstvilkår for barn og unge i Eidfjord
16) Me skal ha trygge oppvekst- og bumiljø
17) Me skal syta for at kunst, idrett og kultur har ei viktig rolle i det offentlege. Alle skal ha høve til kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturlivet
18) Opplevings- og besøkskommunen
19) Eidfjord skal vera så attraktiv at det kjem fleire besøkjande til Eidfjord. Det skal føra til større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst
20) Me skal vera den beste cruisedestinasjonen i Noreg
21) Me skal vera den mest besøkte naturattraksjonen i Noreg
22) Me skal auka tal arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen
23) Me skal marknadsføra det særeigne i naturen og ha fokus på aktivitetar som er berekraftige
24) Me skal ha eit levande og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevingar for besøkjande og innbyggjarar flest
25) Me skal vera ein internasjonal arena for ulike arrangement som spelar på mangfald gjennom heile året
26) Me skal prioritera kompetanseheving innanfor naturbasert reiseliv, vertskapsrolla og stadformidling som grunnlag for produktutvikling, t.d. guida turar
27) Me skal ha ein berekraftig auke av tal nye hytter i Sysendalen
28) Me skal leggja til rette for at hyttefolk vert ein del av innbyggjarane i Eidfjord
29) Me skal informera om jakt, fiske og friluftstilbod
30) Arbeidskommunen
31) Me skal vera ein aktiv vertskommune for næringslivet
32) Me skal syta for at det vert enklare å etablera nye arbeidsplassar
33) Me skal arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte
34) Me skal støtta næringslivet i arbeidet sitt med kvalitets- og kompetanseutvikling
35) Me skal arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen
36) Me skal ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd
37) Me skal styrka samarbeidet og samhandlinga mellom kommunen og næringslivet, òg mellom dei ulike næringsaktørane
38) Kommuneorganisasjonen
39) Me skal ha eit godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon
40) Me skal vera ein attraktiv arbeidsplass
41) Me skal vera nytenkjande og ein lærande organisasjon
42) Me skal yta god service
43) Me skal samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar
44) Me skal ha eit godt samarbeid med frivillige lag og org.

3.3 Kommunal planstrategi 2024-2027

Vedteken prioritering av planoppgåver

Planarbeid er ein viktig del av arbeid mot å oppnå den samfunnsutviklinga me ynskjer i kommunen. I Eidfjord kommune har me ei lita planavdeling, og planressursane må takast omsyn til ved utforming av planstrategien.

Prioriteringsarbeidet og koplinga mot kommunen sin økonomiplan og budsjett vert viktigare når ressursane er avgrensa. For at kommunen skal koma i mål med dei planane som vert sett i gang, er det viktig at omfanget av planar ikkje vert for omfattande, og at prioriteringsarbeidet er godt. Samtidig må ein ha ressursar for planar som oppstår knytt til nye utfordringar**, t.d.** beredskapsplanar for ras og flaum.

Det viktige i perioden framover er å prioritera dei planane som på best mogleg måte kan møta dei utfordringane me står overfor.

For perioden 2024–2027 er det fylgjande planar som skal prioriterast:

Plannamn	Planleggingsperiode				Forventa ressursbruk
	2024	2025	2026	2027	
Større tverrfaglig samarbeid					
Kommuneplanen sin samfunnsdel				x	Ekstern ressurs
Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Eidfjord		x			Intern/ ekstern ressurs
Prosjekt Lægreid skule		x			Ekstern ressurs
Hovudansvar Drift og forvaltning					
Trafikktryggleik- og ladeinfrastrukturplan		x			Intern ressurs
Forprosjekt Simadal næringspark		x			Ekstern ressurs
Hovudplan for vatn, avlaup og vassmiljø			x		Ekstern ressurs
Hovudansvar Kultur, næring og berekraft					
Strategisk næringsplan, Revisjon retningsliner for næringstilskot	x				Intern ressurs
Plan for besøksforvaltning		x			Ekstern ressurs
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Sti- og løypeplan Eidfjord kommune			x		Intern ressurs
Hovudansvar Helse og omsorg/NAV					
Bustadpolitisk strategiplan		x			Intern ressurs

3.4 Økonomisk situasjon

Kommunen er framleis i ein god økonomisk situasjon, målt opp mot inntekter pr. innbyggjar, og samanlikna med dei fleste andre kommunar. Dette har mellom anna medført at driftsnivået er svært høgt. Me er i øvre del av KOSTRA-statistikken på dei fleste område. Eidfjord kommune har gode ordningar for innbyggjarane, til dømes ulike bustadtilskot, rimelege tomter, varm skulemat, stipend til ungdom og fri bruk av idrettsanlegg. Både servicetilbodet til innbyggjarane og dei direkte tilskota er meint som ordningar for å sikra busetjing og rekruttera nye innbyggjarar.

Driftsnivået er for høgt, og me når ikkje det finansielle måltalet. Kommunen må gjera grep i åra framover for å få ned driftsutgiftene.

Då eigedomsskatten har nådd maksimumsbeløpet vil ikkje me kunna få nokon auke her dei neste åra, om ikkje denne grensa vert endra politisk.

Auken i det generelle rammetilskotet vil ikkje kunna dekka auken i driftskostnadane i åra framover.

Nytt renseanlegg i Sysendalen har krevd store låneopptak dei siste åra. I planperioden er det lagt inn låneopptak på samla kr 24 mill. Ved 100 % sjølvkost er dette kostnadar som skal dekkjast av abonnentane i Sysendalen, og det er lagt inn ein stor auke i gebyrsatsane for å dekka denne kostnaden i planperioden. Kor mykje auken vert, vil mellom anna vera avhengig av talet på nye tilknytingar samt driftsutgifter og rentenivå.

I tillegg til driftsnivået i kommunen vil den økonomiske situasjonen framover i stor grad vera avhengig av utviklinga på kraftprisen, og i tillegg vil det vera avgjerande kva endringar som eventuelt vert gjort i lovverket rundt inntektssystemet.

3.5 Folketalsutvikling

Eidfjord kommune har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste åra, delvis grunna endringa av kommunegrensa (Ytre Bu), og mottak av flyktningar.

pr.1.1	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
0 år	14	8	10	7	12	6	7	9	6
1-5 år	43	48	55	51	56	62	50	50	52
6-12 år	70	66	60	67	65	69	73	78	81
13-15 år	29	32	27	25	30	30	35	31	31
16-19 år	42	34	37	40	37	41	38	38	39
20-44 år	259	242	248	235	243	249	255	239	254
45-66 år	304	303	289	297	307	301	297	300	294
67-79 år	110	111	124	126	130	144	154	158	165
80-89 år	47	49	46	44	41	46	49	55	54
< 90 år	13	13	10	11	16	14	10	9	9
	931	**906**	**906**	**903**	**937**	**962**	**968**	**967**	**985**

SSB sin folketalsprognose med låg vekst for Eidfjord.

	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 år	8	8	8	7	6	6	6	6	6
1-5 år	47	42	44	46	43	42	40	37	35
6-12 år	86	84	82	80	75	73	72	69	62
13-15 år	24	35	33	37	37	36	36	31	37

16-19 år	42	39	39	34	39	42	42	50	42
20-44 år	255	256	265	266	272	266	261	257	256
45-66 år	293	295	283	275	271	270	273	262	265
67-79 år	159	159	163	169	163	168	168	176	175
80-89 år	66	63	64	66	70	70	69	71	76
90 år eller eldre	9	9	9	9	10	9	10	13	13
	989	**990**	**990**	**989**	**986**	**982**	**977**	**972**	**967**

For små kommunar vil framskrive folkemengd vera svært usikker. Auken i 2022/2023 kom bla frå endring av kommunegrensa 01.01.2022, og mottak av flyktningar i løpet av 2022/2023.

4. Rammevilkår

4.1 Regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet 2027

(utdrag skriv frå statsforvaltaren i Vestland)

Kommunane får etter planen ein skatteauke på 5,1 prosent frå 2026 til 2027. Det samla skatteoverslaget er kr 261,8 mrd. i 2027. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Skatteoverslaget for 2027 er basert på ein pårekna vekst i sysselsetjinga på 0,3 prosent og ein pårekna årslønsvekst på 4,0 prosent frå 2026 til 2027.

I statsbudsjettet er det lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,35 prosent i 2026 til 13,40 prosent i 2027. Bakgrunnen for fastsetjinga av skatteøyret er at skattedelen av dei samla inntektene til kommunane framleis skal vere om lag 40 prosent òg i 2027.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane, den kommunale deflatoren, er 3,8 prosent i framlegget. Deflatoren blir nytta til å prisjustere statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

Del	Vekst	Vekt
Lønsvekst inkl. pensjon	4,5 prosent	0,59
Prisvekst kjøp av varer og tenester	2,9 prosent	0,41
Samla prisvekst	3,8 prosent	

Frå og med 2026 har meirkostnadar til pensjon inngått i kostnadsdeflatoren.

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – for kvar kommune

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Desse forholda påverkar kommunane ulikt:

- omlegginga av inntektssystemet frå 2024 til 2025 kan gje verknadar òg i 2027 som følgje av overgangsordninga INGAR
- endringar i folketalet og alderssamansetjinga
- endringar i andre kriteriedata
- endringar i fordelinga av skjønstilskot
- endringar i veksttilskot
- endringar i distriktstilskot eller småkommunetillegg i inntektssystemet frå 2024 til 2025 kan gje verknadar òg i 2027 som følgje av overgangsordninga INGAR
- endringar i skattegrunnlaget

Det er rekna med ein nominell vekst på 4,9 prosent i dei samla frie inntektene til kommunane i landet frå 2026 til 2027. Den pårekna veksten for kommunane i Vestland samla er 4,6 prosent. Den nominelle veksten i frie inntekter må sjåast i samanheng med at den pårekna prisveksten for kommunesektoren er 3,8 prosent for 2027.

Kommunane får auka rammeoverføring for nye oppgåver, og her er òg heilårsverknadar tekne med. I den vedlagde tabellen er den utrekna prosentveksten i dei frie inntektene korrigert for dette, slik at det ikkje inngår i prosentveksten. Når prosentveksten blir rekna ut, blir det òg korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Særskilde saker

Oppgåveendringar – endringar i rammetilskot

Det er lagt opp til fleire oppgåveendringar som gjev endringar i rammetilskotet frå 2026 til 2027, mellom anna:

- Talet på elevar i statlege og private skular aukar. Difor blir rammetilskotet til kommunane redusert med kr 112,3 mill.
- Maksimal foreldrebetaling i barnehagar blir vidareført i 2027 på same nominelle nivå som i 2026. Rammetilskotet blir auka med kr 106,8 mill. som kompensasjon for inntektstapet.
- Kunnskapsdepartementet sender på høyring eit framlegg om å oppheve plikta til å tilby leksehjelp på 1.–4. trinn i grunnskulen, med verknad frå hausten 2027. Difor blir rammetilskotet til kommunane redusert med kr 350 mill. Dette er den berekna kostnaden for plikta hausten 2027.
- For 2026 er det lagt opp til at kommunane blir kompenserte for meirkostnaden i eitt halvår av det auka basistilskotet til fastlegar, kr 149 mill., med verknad frå 1. juli 2026. For 2027 blir kommunane kompenserte for heilårsverknaden, det vil seie for eit halvt år i tillegg (kr 154,7 mill. = kr 149 mill. × 1,038). Kompensasjonen for heile 2027 blir kr 309,3 mill. (kr 154,7 mill. × 2).

- Regjeringa gjer framlegg om å etablere ei ny tilskotsordning for frivillige kommunesamanslåingar. Utgiftene til ordninga blir finansierte innafor den samla kommuneramma i 2027. Difor blir rammetilskotet redusert med kr 70 mill. for å finansiere tilskotsordninga.

Tilskot til smågruppeundervisning

Regjeringa gjer framlegg om å innføre eit nytt øyremerkt tilskot til smågruppeundervisning (kapittel 226, post 60 – Kunnskapsdepartementet). Tilskotsordninga skal bidra til at fleire elevar får meir opplæring i lesing, skriving og rekning i mindre grupper.

Planen er å innlemme tilskotet i rammetilskotet til kommunane frå 2030. Tilskotet skal nyttast til å gi elevane tettare oppfølging i lesing, skriving og rekning. Tilskotet skal òg bidra til at skulane i større grad nyttar smågruppeundervisning i opplæringa.

Framlegget er ei løyving på kr 465,4 mill. til det nye øyremerkte tilskotet for 2027. Ordninga skal starte frå skuleåret 2027–2028.

Tilskot per grunnskule

Sidan 2022 har kommunane fått eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet blir gjeve med ei særskild fordeling i rammetilskotet ut frå talet på grunnskular. Det er finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane.

Tilskotet er vidareført i framlegget for 2027, med kr 1 439 mill. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for sum rammetilskot i den vedlagde tabellen. Tilskotssatsen blir prisjustert (3,8 prosent) til kr 605 397,- per grunnskule i 2027.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngjeve med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta, blir vidareført frå 2026 til 2027 som særskild fordeling, med priskompensasjon. Den samla ramma for landet er kr 1 196,6 mill. i 2027. Midlane blir fordelte mellom kommunane ut frå talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

Ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordninga

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. Tilskotet som blir utbetalt til kommunane i 2027, blir rekna ut frå dei direkte lønsutgiftene til tenestene i 2026.

Inntekter for einskildmottakarar skal trekkjast frå når netto lønsutgifter blir berekna. Det gjeld eigenbetalingar, øyremerkte tilskot og den korrigerte verdien av «PU-kriteriet» i inntektssystemet. Då inntektssystemet vart endra for 2025, fekk kriteriet i utgiftsutjamninga for menneske med psykisk utviklingshemming lågare vekt. Dette gav omfordelingsverknadar mellom kommunane. For å dempe desse verknadane blir halvparten av verknadane av endringar i verdien til PU-kriteriet frå 2024 til 2025 tilbakeført i rammetilskotet som særskild fordeling. Den korrigerte verdien av «PU-kriteriet» skal trekkjast frå når netto lønsutgifter blir utmålte.

Innslagspunktet for utbetalt kompensasjon i 2027, på grunnlag av nettoutgiftene i 2026, blir auka frå kr 1 921 000,- til kr 2 042 000,- per tenestemottakar.

Kompensasjonen som staten betaler ut til kommunane i 2027, skal kommunane inntektsføre i rekneskapen for 2026. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som dei hadde utgiftene.

Berekningsmodellen er endra frå og med 2025. Eigendelane er framleis 20 prosent over innslagspunktet på landsbasis for utbetalt kompensasjon i 2027, men i den nye modellen varierer dei mellom kommunane.

I den nye berekningsmodellen er det to eigendelar:

1. Først blir det berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendelen per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen. Det gjev summen for den første eigendelen i kommunen.
2. Den andre eigendelen er 10 prosent av nettoutgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

Ressurskrevjande tenester i mindre kommunar – tilleggskompensasjon

Ordninga med tilleggskompensasjon for mindre kommunar med høge utgifter til ressurskrevjande tenester, målt per innbyggjar, blir vidareført i 2027. Kompensasjonen kjem i tillegg til det ordinære toppfinansieringstilskotet for ressurskrevjande tenester. Ordninga omfattar kommunar som:

- har færre enn 3 200 innbyggjarar
- har høge utgifter til ressurskrevjande tenester, målt per innbyggjar
- har hatt gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (berre ordinær skatt blir rekna med, ikkje eigedomsskatt m.m.)

Teljetidspunktet for ordninga i 2027 er innbyggjartalet per 1. juli 2026. Kommunane får kompensert 80 prosent av nettoutgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar.

Framlegget er å auke ramma for tilleggskompensasjon frå kr 95,9 mill. i 2026 til kr 99,7 mill. i 2027, medrekna priskompensasjon.

Heildøgns omsorgsplassar – investeringstilskot

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme på kr 4 064 mill. i investeringstilskot i 2027. Tilsegnsramma i 2026 er kr 3 365 mill. Tilsegnsramma for 2027 skal leggje til rette for om lag 1 750 heildøgns omsorgsplassar.

Inntektsutjamning

Den symmetriske inntektsutjamninga i prosent (kompensasjon/trekk) har vorte auka gradvis over to år, frå 60 prosent til 64 prosent i år. Inntektsutjamninga blir vidareført med 64 prosent i 2027. Tilleggskompensasjonen for kommunar med lågt skattenivå blir vidareført med 35 prosent av det skattenivået i kommunen ligg under 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamning

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnadar i kostnadar som dei ikkje sjølve kan påverke. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar, både for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommunen.

Utgiftsutjamninga og kostnadsnøklane blir oppdaterte med jamne mellomrom. Oppdateringane byggjer på faglege analysar og på korleis utgiftene i kommunane faktisk har utvikla seg.

Grunnlaget for å berekne utgiftsutjamninga for 2027 er rekneskapstal for 2025. Desse tala er framskrivne til 2027 ved å leggje til den pårekna prosentveksten i frie inntekter.

Frå og med 2025 får alle kommunane på nytt eit like stort basistilskot (det er ikkje lenger gradert etter reiseavstand). I 2026 utgjer det kr 26,5 mill. per kommune.

Teljetidspunkt

For 2027 er folketalet per 1. juli 2026 grunnlaget for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og for utgiftsutjamninga, med fordelinga på aldersgrupper. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga for 2027 er per 1. januar 2026. For folketalet i inntektsutjamninga for 2027 er teljedatoen 1. januar i sjølve budsjettåret 2027.

5. Økonomiske føresetnadar

- Kommunen har lagt inn ein nominell vekst på ca. 3 % i dei samla frie inntektene til Eidfjord kommune frå 2026 til 2027.
- Det er lagt inn ein lønsvekst på 3 % i 2027 og vidare i planperioden 2028–2030.
- Eigedomsskatten er lagt inn med kr 56,7 mill. i 2027 og vidare i planperioden.
- Utbytet frå Hardanger Energi AS på kr 1,8 mill. er avsett til bufferfondet i 2027 og vidare i planperioden.
- Brukarbetaling og andre sals- og leigeinntekter er i utgangspunktet auka med 3 % i planperioden. Fleire av gebyra på sjølvkostområdet aukar meir.
- Det er ikkje lagt inn nokon generell auke i kjøp av varer og tenester i planperioden.
- Rentekostnaden er lagt inn etter rentebanen til Kommunalbanken. Renta er ca. 5,6 % i 2027 og fell til ca. 4,8 % i 2030.
- Låneavdrag er budsjettert med 4 % av eldre lån og 2,5–2 % av låneopptaka frå 2026.
- Det er budsjettert med kr 7 mill. i overføring frå Visit Eidfjord KF i 2027 og i resten av planperioden.
- Det er budsjettert med kr 4,2 mill. i leigeinntekt for cruisekaia frå Visit Eidfjord KF/Plug Eidfjord AS i planperioden.
- Prisen på konsesjonskraft er lagt inn med eit gjennomsnitt på ca. 70 øre per kWh i 2027 og 60 øre per kWh i resten av planperioden.

5.1 Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi.

Eidfjord kommune sine måltal er:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 10 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter: 25 %
- Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter: 90 %

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

Kommunestyre har vedteke eigen prosess for å oppnå 10 % netto driftsresultat i budsjettet for 2027.

5.2 Netto driftsresultat – arbeidskapital

Netto driftsresultat seier noko om kor mykje kommunen har disponibelt til å dekka eventuelle investeringar med. I tillegg må det vera stort nok til avsetjing bundne fond.

Tekst	Budsjett 2027	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	10,1	7	1,3	11,7	17,1	13,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter ex.premieavvik	9,9	5,3	7,1	7,4	19,9	8,3
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter ex premieavvik		59,4	54,2	57	46,4	39,2
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter		33,3	55	58,2	36,4	24,6

Kommunaldepartementet har tidlegare rådd til at netto driftsresultat bør vera minst 3 %. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen ført direkte i investeringsrekneskapen. Det får negativ effekt på netto driftsresultat, og TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har derfor redusert tilrådinga til 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Budsjettert netto driftsresultat for 2026 er på 10,1 %. Korrigert for netto budsjettert premieavvik er netto driftsresultat på 9,9 %.

Arbeidskapital er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for likviditeten til kommunen.

5.3 Disponering av netto driftsresultat korr. for premieavvik

(i heile tusen kr):

	2027	2028	2029	2030
Netto driftsresultat korr. for premieavvik	-28 311	-27 916	-25 422	-23 302
Bruk disposisjonsfond	-150	-150	-150	-150
Bruk av disposisjonsfond inv.rekneskapen	0	0	0	-25 000
Bruk av kraftfondet driftrekneskapen	-1 713	-1 713	-1 713	- 1 713
Bruk av kraftfondet inv.rekneskapen	-25 000	-12 120	-12 000	-11 120
Overført investering	31 440	12 820	12 700	36 820
Avsetjing bufferfond	1 815	1 815	1 815	1 815
Avsetjing til kraftfondet (konsesjonsavg/utbyte)	14 700	14 700	14 700	14 700
Saldering budsjett , avsetjing disposisjonsfond	**7 599**	**12 714**	**10 070**	**7 949**

Det er knytt stor uvisse til budsjettala fram i budsjettperioden.

5.4 Lånegjeld

For 2027 er det budsjettert med låneopptak på samla kr 36,5' mill., og av dette utgjer låneopptak til nytt renseanlegg i Sysendalen kr 24 mill.

Samla lånegjeld vil då vera over det finansielle måtalet på 90 % av brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld (eksl.pensjonsforplikting.)

Tekst	Eidfjord 2027	Eidfjord 2028	Eidfjord 2029	Eidfjord 2030	Gjennomsnitt Gruppe 17 (2024)
Lånegjeld	370mill.	371 mill.	379 mill.	367 mill.	
Lånegjeld pr.innbyggar	375'	385'	387'	375'	126'
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	130 %	131 %	132 %	128 %	60 %
Budsjetterte renter (heile tusen)	18 219	17 435	16 079	14 765	
Budsjetterte avdrag (heile tusen)	9 875	13 321	13 321	12 071	

Det er rekna med ei rente på 5,6 % i 2027, synkande til 4,8 % i i 2030. Låneavdrag er ført opp med 4 % av lånegjelda for eldre lån, og 2,5 % – 2% % for nye lån i planperioden.

5.5 Disposisjonsfond ex. avsetjing til dekking av premieavvik

	2027	2028	2029	2030
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	21	21	21	13
Disposisjonsfond i mill.kr	60	61	62	38

Det finansielle måtallet er 25 %.

Det er knytt stor uvisse til tala fram i planperioden. Det er difor lagt inn salderinga av budsjettet, som er tillagt disposisjonsfondet.

5.6 Utlån

Tekst	kroner i mill.
Utlån til bustadføremål (av dette er 3,0 mill. utlån av eigne midlar, resten av startlån)	6,6
Utlån til næring	2,3
Forskotterte vegmidlar	1,5
Totalt	10,4

5.7 Premieavvik

Premieavviket er skilnaden mellom langsiktige pensjonskostnadar og betalte pensjonsutgifter, og det vil verta ein differanse mellom desse kvart år. Då ordninga vart innført, fekk kommunane valet om å føra utgifta året etter, eller fordela kostnaden over 15 år. Eidfjord kommune valde å ta kostnaden over 1 år.

Det netto positive premieavviket for 2027 er budsjettert med ca. kr 0,7 mill.

Det positive premieavviket vert avsett til disposisjonsfond til dekning av tilsvarande negativt avvik i 2028, og tilsvarande er gjort i resten av planperioden.

Konto		2027	2028	2029	2030
10903	Premieavvik KLP	-5 451	-8 053	-5 003	-7 178

10991	Arb.gj.avg. av premieavvik KLP	-578	-854	-530	-761
15400	Avsetjing til disposisjonsfond	6 029	8 906	5 533	7 939
1700	Premieavvik	0	0	0	0
10903	Premieavvik KLP	4 858	5 451	8 053	5 003
10991	Arb.gj.avg. av premieavvik KLP	515	578	854	530
19400	Bruk av disposisjonsfond	-5 373	-6 029	-8 906	-5 533
1710	Amortisering av tidlegare års premieavvik	0	0	0	0

6. Driftsbudsjettet

6.1 Driftsbudsjettet

6.1.1§5-4 Bevigningsoversikt – drift

Tekst	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
1 Rammetilskudd	43 369	46 838	49 930	50 368	50 753	51 030
2 Inntekts- og formueskatt	42 022	42 320	43 475	44 701	46 009	47 400
3 Eiendomsskatt	56 886	56 700	56 700	56 700	56 700	56 700
4 Andre generelle driftsinntekter	51 416	52 520	51 521	50 521	49 521	48 520
5 Sum generelle driftsinntekter	193 693	198 378	201 626	202 290	202 983	203 650
6 Sum bevilgninger drift, netto	169 274	171 762	151 531	147 704	158 498	158 071
7 Avskrivninger	21 611	0	0	0	0	0
8 Sum netto driftsutgifter	190 886	171 762	151 531	147 704	158 498	158 071
9 Brutto driftsresultat	2 807	26 616	50 095	54 586	44 485	45 579
10 Renteinntekter	3 312	2 150	2 150	2 150	2 150	2 150
11 Utbytter	2 442	1 815	1 815	1 815	1 815	1 815
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	4 384	2 000	3 000	3 000	3 000	3 000
13 Renteutgifter	7 336	14 045	18 219	17 435	16 079	14 765
14 Avdrag på lån	7 988	8 363	9 875	13 321	13 321	12 071
15 Netto finansutgifter	-5 186	-16 443	-21 129	-23 792	-22 436	-19 871
16 Motpost avskrivninger	21 611	0	0	0	0	0
17 Netto driftsresultat	19 232	10 173	28 966	30 794	22 049	25 708
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	35 740	100	31 060	12 670	12 700	36 820
19 Avsetninger til bundne driftsfond	14 539	14 700	14 700	14 700	14 700	14 700

20 Bruk av bundne driftsfond	-13 745	-3 113	-26 713	-13 833	-13 713	-12 833
21 Avsetninger til disposisjonsfond	9 438	6 572	15 443	23 435	17 418	17 704
22 Bruk av disposisjonsfond	-26 740	-8 086	-5 523	-6 179	-9 056	-30 683
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	19 232	10 173	28 966	30 794	22 049	25 708
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk	0	0	0	0	0	0

6.1.2 §5-4 Bevilgningsoversikt - drift budsjett til fordeling

Eining			Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
	Frå bevilnings-rekneskapen		169 274	171 762	151 531	147 704	158 498	158 071
1	Finans	Utgifter	1 650	9 332	5 016	2 794	9 045	3 265
1	Finans	Inntekter	-21 619	-22 160	-27 400	-24 400	-24 400	-24 400
1	Finans		-19 969	-12 828	-22 384	-21 606	-15 355	-21 135
10	Rådmann / Stab	Utgifter	38 224	34 784	33 556	33 058	33 256	33 558
10	Rådmann / Stab	Inntekter	-3 516	-2 748	-2 753	-2 753	-2 753	-2 753
10	Rådmann / Stab		34 708	32 037	30 803	30 306	30 503	30 806
20	Oppvekst og utdanning	Utgifter	55 283	53 093	51 350	51 130	52 310	53 490
20	Oppvekst og utdanning	Inntekter	-5 562	-2 851	-2 270	-2 270	-2 270	-2 270
20	Oppvekst og utdanning		49 721	50 242	49 080	48 860	50 040	51 220
40	Kultur,næring og bærekraft	Utgifter	15 113	11 896	10 808	10 778	10 948	11 118
40	Kultur,næring og bærekraft	Inntekter	-1 042	-742	-742	-742	-742	-742
40	Kultur,næring og bærekraft		14 071	11 154	10 066	10 036	10 206	10 376
50	Drift og forvaltning	Utgifter	62 397	57 928	56 759	57 004	57 649	58 294
50	Drift og forvaltning	Inntekter	-35 451	-32 265	-41 505	-46 718	-45 803	-44 184
50	Drift og forvaltning		26 946	25 663	15 254	10 286	11 846	14 110
90	Helse og omsorg	Utgifter	76 141	72 896	78 162	79 273	80 709	82 145
90	Helse og omsorg	Inntekter	-12 344	-7 402	-9 452	-9 452	-9 452	-9 452
90	Helse og omsorg		63 797	65 494	68 711	69 822	71 258	72 694

6.1.3 §5-6 Økonomisk oversikt etter art – drift

Tekst	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	43 369	46 838	49 930	50 368	50 753	51 030
2 Inntekts- og formuesskatt	42 022	42 320	43 475	44 701	46 009	47 400
3 Eiendomsskatt	56 886	56 700	56 700	56 700	56 700	56 700
4 Andre skatteinntekter	36 933	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	8 483	5 536	4 536	3 536	2 536	1 536
6 Overføringer og tilskudd fra andre	30 710	16 618	18 673	18 673	18 673	18 673
7 Brukerbetalinger	5 787	5 739	5 158	5 158	5 158	5 158
8 Salgs- og leieinntekter	49 038	52 810	67 290	69 503	68 588	66 969
9 Sum driftsinntekter	273 228	266 560	285 762	288 638	288 416	287 465
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	123 848	122 049	123 306	125 676	129 508	133 328
11 Sosiale utgifter	28 812	34 770	30 397	28 100	34 351	28 571
12 Kjøp av varer og tjenester	66 541	63 849	64 792	63 306	63 102	63 016
13 Overføringer og tilskudd til andre	29 609	19 276	17 171	16 971	16 971	16 971
14 Avskrivninger	21 611	0	0	0	0	0
15 Sum driftsutgifter	270 421	239 944	235 666	234 053	243 932	241 886
16 Brutto driftsresultat	2 807	26 616	50 095	54 586	44 484	45 579
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	3 312	2 150	2 150	2 150	2 150	2 150
18 Utbytter	2 442	1 815	1 815	1 815	1 815	1 815
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	4 384	2 000	3 000	3 000	3 000	3 000
20 Renteutgifter	7 336	14 045	18 219	17 435	16 079	14 765
21 Avdrag på lån	7 988	8 363	9 875	13 321	13 321	12 071
22 Netto finansutgifter	-5 186	-16 443	-21 129	-23 792	-22 436	-19 871
23 Motpost avskrivninger	21 611	0	0	0	0	0
24 Netto driftsresultat	19 232	10 173	28 966	30 794	22 049	25 708
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	35 740	100	31 440	12 820	12 700	36 820
26 Avsetninger til bundne driftsfond	14 539	14 700	14 700	14 700	14 700	14 700
27 Bruk av bundne driftsfond	-13 745	-3 113	-26 713	-13 833	-13 713	-12 833
28 Avsetninger til disposisjonsfond	9 438	6 572	15 443	23 435	17 418	17 704
29 Bruk av disposisjonsfond	-26 740	-8 086	-5 523	-6 179	-9 056	-30 683
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	19 232	10 173	28 966	30 794	22 049	25 08

6.2 Inntekter

6.2.1 Skatteinntekter

Naturressursskatten er budsjettert til kr 25,5 mill. og personskatten til kr 43,4 mill. i 2027.

Nominell personinntektsskatt vert regulert løpande i takt med inntektsutviklinga i landet. Den er òg påverka av kva «skatteøre» som vert lagt til kommunane. Når det gjeld naturressursskatten, er den flat, då den vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er då upåverka av andre forhold..

6.2.2 Rammetilskot

Inntektsutjamninga skal utjamna skilnadar mellom kommunane og fylkeskommunen sine skatteinntekter. Frå og med 2011 har me vorte trekt 60 % i rammetilskotet av skatteinntekter som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Denne er auka til 62 % frå 2025, og vidare til 64 % i 2026. Eidfjord kommune skal brutto ta imot kr 65,3 mill. i rammeoverføringar i 2026

Grunna inntektsutjamninga vert me derimot trekt ca. kr 15,4 mill., slik at rammetilskotet for 2027 er lagt inn med ca. kr 49,9 mill.


6.2.3 Eigedomsskatt

Me budsjetterer med kr. 56,7 mill. i eigedomsskatt i 2027 og vidare i planperioden. I motsetning til personinntektsskatt og naturressursskatt har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Det er ikkje lagt inn noko endring i planperioden.

Eigedomsskattegrunnlaget for 2027 vert utrekna som eit gjennomsnitt av inntektsåra 2021 til 2025.

Nedgangen i 2022 skuldast svært låge kraftprisar i 2020, med gjennomsnittleg spotpris på 9,17 øre/kWh. I åra etter har prisane vore høge.

Eigedomsskatt i tidsrommet (2005 – 2030) i mill. kr.



Ved omlegging av reglane for utskriving av eigedomsskatt vart det lagt opp til minimums- og

maksimumsverdiar.

At eigedomsskatten ikkje har auka i tidsrommet 2008–2011, skuldast at kraftverka i Eidfjord hadde nådd maksimumsverdien, og at det då berre var produksjonen som hadde innverknad på eigedomsskatten.

Me har no nådd dette makstaket, og kan difor ikkje venta nokon auke i eigedomsskatten dei neste åra.

6.2.4 Nettovinst ved sal av konsesjonskraft

Nettovinst ved sal av konsesjonskraft er budsjettert med kr. 17,5 mill. i 2027. Dette er ein auke på ca. kr 4,2 mill. Det er budsjettert med ein gjennomsnittleg salspris på ca. 0,70 øre kWh i 2027, og 0,6 øre kWh vidare i planperioden, der ca. 17 GWh i 2027 av total konsesjonskraftmengde på ca. 33 GWh er prissikra.

6.2.5 Konsesjonsavgifter

Konsesjonsavgiftene er sett til kr 14,5 mill. årleg. Desse inntektene vert sett direkte av til kraftfondet.

Konsesjonsinntektene vert regulert kvart femte år. Siste regulering var 1. januar 2021, og inntektene skal difor regulerast på nytt frå 1. januar 2031.

6.2.6 Visit Eidfjord KF - Hamneinntekter

Det kommunale foretaket Visit Eidfjord KF har eit spesielt ansvar for hamn og turistinformasjon i kommunen, i tillegg til fleire oppgåver knytt opp mot turisme og reiseliv i kommunen.

Det er i budsjettet lagt inn ei overføring på kr 7 mill. samt ei kaileige på 4,2 millionar til kommunen i 2027. Same nivå er lagt inn vidare i økonomiplanperioden.

Selskapet bidreg med midlar til kommunen som kommunen nyttar spesielt til utvikling av hamn, sjøfront og sentrumsområda i Eidfjord kommune. Inntektene er med på å sikra ei god drift og vidareutvikling av område og infrastruktur som nyttast av besøkande og innbyggjarar.

6.2.7 Overføringar med krav om motytingar

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,2 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekts- og utgiftssida, og går netto i null. Tilsvarande er det utgiftsført kr 4,2 mill. under pkt. 3.3.4 «Overføringar».

6.2.8 Introduksjonsstønad

Det er lagt inn statleg integreringstilskot på kr 4,3 mill. i 2027. Tilskotet vert gradvis redusert i løpet av økonomiplanperioden til kr 1,3 mill. i 2030.

Kommunen har god erfaring med mottak av flyktningar og integrering i samfunnet. Alle førespurnadar om mottak av fleire flyktningar vert lagt fram for vedtak og forankring politisk og administrativt i kommunen.

6.2.9 Brukarbetaling

Eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr er generelt auka med 3,0 %, men med ein stor auke i VA-gebyra, spesielt for avlaupsavgifta i Sysendalen. Auken kjem av auka rentekostnad og negativt sjølvkostfond frå 25/26. For avlaup Sysendalen er det nytt renseanlegg som gjer det største utslaget.

Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet..

6.3 Kostnadar

6.2.4 Løn- og sosiale kostnadar

Av kostnadane til kommunen er 64,0 % knytte til løn og sosiale kostnadar. Det er budsjettert med ca.152 årsverk.

Pensjonsinnskot er lagt inn med ca. 16 % for 2027.

Det er totalt budsjettert med kr 15,4 mill. i pensjonskostnad for 2027. Netto positivt premieavvik utgjer ca. kr 0,7 mill., slik at budsjettert betalt pensjon vert ca. kr 16,1 mill. Premieavviket for 2027 vert avsett til disposisjonsfond, og vert nytta til å dekka tilsvarande kostnad i 2028.

I tillegg er det avsett kr 2,4 mill. til lønsjusteringar og auke i pensjonskostnadar i 2027. Det er lagt inn ein lønsauke på 3 % for åra 2028–2030.

6.2.5 Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon

Inkluderer alt av kostnadar i kommunen forutan løn. Det er ikkje lagt inn auke for prisvekst, men eit nedtak i driftsbudsjett for einingane. Dette kjem fram som kommentar under kvar enkelt eining.

Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon

Posten gjeld tenester som me kjøper av andre kommunar, interkommunale selskap, staten og private


Overføringsutgifter

Overføringar gjeld mellom anna tilskot til Visit Hardangerfjord, Hardangerviddatunnelen AS og overføringar til kyrkja. I tillegg ligg det her kjøp av konsesjonskraft.

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,6 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekts- og utgiftssida, og går netto i null. Tilsvarande er det inntektsført kr 4,6 mill. under pkt. 3.2.6 «Overføringar med krav om motytingar».

7. Driftsbudsjett

Organisasjonskart pr. 01.01.27:



7.1 Rådmann, økonomi og HR og organisasjon

Budsjett

Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
01-09 Lønsutgifter inkl trygd og avgift	*15 566*	16 136	15 731	16 126	16 521
10-29 Varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon.	*8 708*	8 570	8 478	8 570	8 478
30-39 Tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	*2 150*	2 213	2 213	1 923	1 923
40-49 Overføringsutgifter	*8 361*	6 636	6 636	6 636	6 636
60-69 Salgs- og leigeinntekter	*-631*	-631	-631	-631	-631
70-79 Refusjonar	*-2 117*	-2 122	-2 122	-2 122	-2 122
90-99 Finansieringsinntekter	*-900*	500	500	500	500
	31 137	31 303	30 806	31 003	31 306

Nye tiltak/budsjettendringar

I tusen kroner	2027	2028	2029	2030
Reduksjon driftskostnadar	-350	-350	-350	-350
Avvikla Eidfjord Nytt	-250	-250	-250	-250
Reduksjon bevertning møter/utval	-50	-50	-50	-50
Auka kjøp juridisk hjelp	480	480	480	480

Reduksjon 1 årsverk økonomi/tenestetorg	0	-800	-800	-800
Avslutta personvern avtale med Bergen	0	0	-290	-290

Kommentarar til endringar i 2027-budsjettet:

Alle kommunalområda har spesifikke endringar og innsparingar i budsjettet for 2027. I tillegg har me saldert budsjettet for å oppnå 10 % netto driftsresultat med ei generell innsparing på andre driftskostnadar. Dette tek ned tilgjengelege midlar til innkjøp av til dømes varer og tenester. Det er opp til kvart kommunalområde og områda i samarbeid korleis dei løyser fordelinga i 2027.

Me føreslår å leggja ned Eidfjord nytt. Lova krev ikkje at kommunen gjev ut Eidfjord nytt, og arbeidet tek tid frå administrasjonen. Dette er eitt av fleire tiltak for å kunne vurdera nedgang i stillingar samla sett.

Alle kommunalområda må halda fram med å redusera talet på årsverk. Stabsfunksjonane planlegg å ha 1 årsverk mindre frå 2028.

Når me tek i bruk og utviklar nye system, kan me spara arbeid. Kvar gong ein tilsett sluttar eller går av med pensjon, må me vurdera om me kan spara inn stillinga eller delar av den.

I dag kjøper me tenester frå personvernombodet i Bergen kommune. Personverngruppa i Eidfjord kommune har brukt personvernombodet mykje. Me føreslår å seia opp avtala i 2029 og prøva å få til eit samarbeid med andre kommunar i regionen om personvern.

Tenesteområde rådmann, økonomi og HR og organisasjon.

Kommunalsjefområde HR og organisasjon omfattar HR, tenestetorg og IKT.

Kommunalsjef HR og organisasjon har hovudansvar for at kommunen har gode rutinar for å følgje opp tilsette frå rekruttering til dei sluttar eller går av med pensjon, heile vegen i tett dialog med den enkelte eining og leiarar som har personalansvaret på kvart tenesteområde. HMT, internkontroll og tett dialog med tillitsvalde er andre fokusområde for HR og organisasjon.

Tenestetorget har ansvar for fleire organisasjonsinterne og eksterne funksjonar som arkiv, post, kommunesekretær, val og resepsjon. Eidfjord kommune kjøper personvernombodsteneste frå Bergen kommune, der tenestetorget organiserer dette arbeidet ved at det er sett av 20 % stilling som personvernkoordinator. Inn under tenestetorget ligg tenester som nyttast av alle einingane i kommunen samt innbyggjarar og andre eksterne som har interaksjon med kommunen.

Politisk sekretariat for alle politiske utval. Møteinnkallingar, møtegjennomføring, dialog med folkevalde og koordinering av informasjon og spørsmål. Ein god dialog med folkevalde og andre som er med i politiske utval, komitear og liknande er heilt sentralt i ein kommune.

IKT og digitalisering ivaretek IKT-utstyr for alle tilsette og for alle tenestebygg i kommunen. Me kjøper tenester på IKT-området frå Kvam herad i høve til serverdrift, fellesløysingar, samkjøring av lisensar, fagsystem, sikkerheit og Microsoft-løysingar. Me har 2 årsverk samla på IKT og digitalisering, 40 % av desse nyttar Ulvik herad.

Beredskapsansvaret i kommunen ligg til rådmann som leiar av kommunal kriseleiing.

Den kommunale kriseleiinga består elles av ordførar, kommunalsjef drift og forvaltning,

kommuneoverlege, beredskapskoordinator, kommunalsjef HR og organisasjon og sekretær frå tenestetorget.

Økonomiavdelinga ivaretek kommunen sitt ansvar for rekneskap, budsjett, løn, fakturering og andre funksjonar kring økonomi i kommunen.

Årsverk:

Funksjon	Årsverk
Rådmann	1
Kommunalsjef HR og Organisasjon	1
Tenestetorget	5
IKT (sel 40% til Ulvik)	0,6
Digitalisering/IKT	1
Økonomiavdelinga	1,7
Beredskap	0,2
	10,5

Mål	Resultatmål 2027	Målemetode
1	Me skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet	Budsjettkontroll
2	Sakshandsaming skal som hovudregel ikkje overstiga 3 veker,dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift.	Statistikk
3	Me skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette kvart år	Eigenrapportering
4	Me skal ha fokus på helsefremjande arbeid og å redusera sjukefråværet over tid. Det skal vera tett oppfølging av sjukemelde.	Eigenrapportering/statistikk

Budsjettkommentarar:

Økonomi

Nytt ERP-system (økonomi- og personalsystem) vart innført i 2025, men enkelte modular vart innført i 2026, mellom anna innkjøpsmodulen. Me vil i 2027 ha større fokus på at heile organisasjonen nyttar det nye systemet effektivt.

Beredskap

Kommunal kriseleiing er den overordna beredskapsordninga til kommunen ved ulike hendingar. Administrativt har kommunen ei 20 % stilling til beredskap som skal handtera revidering og oppdatering av planverk. Det er auka behov og fokus på beredskapsarbeid, og me har oppretta beredskapsråd i løpet av 2026. For 2027 vil me fortsetta med planverk, øvingar og handtering av beredskapshendingar.

Innkjøp

Me vil ha fokus på gode rutinar for innkjøp og vil arbeida vidare med innkjøpsstrategi som skal nyttast i heile kommunen. Kommunen har avvikla juriststillinga og må vurdera korleis området skal handterast vidare. Det er i budsjettet sett av ekstra midlar til konsulent i 2027.

Kyrkja

Tilskot til soknerådet til drift for dei enkelte åra er lagt inn med kr 3 584 990,-. Dette er ein nedgang på ca. 5 % (kr 180 000,-) frå 2026.

Kontrollutvalet

Løyvinga til kontrollutvalet er som tilrådd frå utvalet.

Hardangerrådet

Hardangerrådet er eit IKS der Kvam herad, Ulvik herad, Ullensvang kommune og Eidfjord kommune er med. Ordførarane møtest, og det kjem fram viktige saker for regionen.

Strategiske utfordringar:

- Demografiske utfordringar
- Auka krav til kommunane gjennom lovverk og føringar frå stat og fylke
- Rekrutteringsprosessar for å tiltrekka seg personale og behalda dei
- Digitalisering av offentleg sektor, kunstig intelligens og IKT-sikkerheit

7.2 Oppvekst og utdanning

Budsjett

Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
01-09 Lønsutgifter inkl trygd og avgift	*44 775*	44 383	45 563	46 743	47 923
10-29 Varer/tenester som inngår i komm. eigenprod.	*5 771*	4 420	3 020	3 020	3 020
30-39 Tenester spm erstattar komm. eigenproduksjon	*2 041*	2 041	2 041	2 041	2 041
40-49 Overføringsutgifter	*506*	506	506	506	506
60-69 Salgs- og leigeinntekter	*-1 635*	-1 054	-1 054	-1 054	-1 054
70-79 Refusjonar	*-1 215*	-1 215	-1 215	-1 215	-1 215
90-99 Finansieringsinntekter	*-50*	-50	-50	-50	-50
	50 192	49 030	48 810	49 990	51 170

Årsverk

Teneste	Årsverk
Kommunalsjef	1
Modnen barnehage	18,2
Lægreid skule	30,7
Eidfjord vaksenopplæring	0,6
Til saman	50,5

Nye tiltak/budsjettendringar

I tusen kroner	2027	2028	2029	2030
Reduksjon bemanning skule og SFO	-2 155	-2 155	-2 155	-2 155
Reduksjon vaksenopplæring	-152	-152	-152	-152
Redusert opningstid frå 16:30 til 16:00	-170	-170	-170	-170
Sommarstengt barnehage	-290	-290	-290	-290

Reduksjon andre driftskostnadar	-124	-124	-124	-124
Brukarbetaling mat	-80	-80	-80	-80
Avslutta varm skulemat	-1 200	-2 400	- 2 400	-2 400

Kommunen arbeidar med å redusera driftsutgiftene og tilpassa drifta til dei økonomiske rammene. Difor har oppvekst- og utdanningssektoren gjennom 2026 arbeidd systematisk med å gjennomgå tenestetilbod, organisering og ressursbruk for å identifisera moglege innsparingstiltak og sikra ei berekraftig drift over tid, samstundes som kvaliteten i dei lovpålagde tenestene vert ivareteken.

Store delar av sektoren er regulert gjennom lovkrav til bemanning, pedagogisk kompetanse og individuelle rettar for barn og elevar. Dette avgrensar handlingsrommet, mellom anna for raske reduksjonar i bemanning utan at det får konsekvensar for tenestene. I arbeidet med å tilpassa drifta til dei økonomiske rammene har me prioritert å vurdera ikkje-lovpålagde ordningar før reduksjonar i bemanninga.

Eidfjord har i dag stabile barne- og elevtal. Samstundes må sektoren planleggja langsiktig for framtidige demografiske endringar. Sjølv om talet på barn og elevar kan endra seg over tid, er det ikkje ein direkte samanheng mellom reduksjon i barnetal og reduksjon i talet på årsverk. Skular og barnehagar må framleis oppfylla lovpålagde krav, sikra forsvarleg drift og ivareta barn og elevar med behov for tilrettelegging og oppfølging. Tilpassingar i bemanning må derfor skje gradvis og i takt med den faktiske utviklinga. Det er gjennomført reduksjonar i bemanning der dette har vore mogleg gjennom naturleg avgang og organisatoriske tilpassingar. Oppvekstsektoren har framleis behov for tid til å gjennomføra nødvendige tilpassingar på ein måte som tar vare på kvaliteten i tenestene og sikrar stabile fagmiljø.

Ordninga med varm skulemat og varm mat i barnehagen har god deltaking og vert opplevd som positiv av barn, elevar og føresette. Samstundes inneber ordninga ein vesentleg økonomisk kostnad for kommunen og er ikkje ei lovpålagd oppgåve. I arbeidet med å tilpassa drifta til dei økonomiske rammene er det lagt til grunn at ressursar i størst mogleg grad skal prioriterast til bemanning, pedagogisk arbeid, tilrettelegging og andre lovpålagde tenester.

Det er vidare føreslått brukarbetaling for kost i barnehage og SFO. Forslaget inneber at delar av kostnadane vert dekte gjennom brukarbetaling, medan kommunen sine frie inntekter i større grad kan nyttast til dei lovpålagde oppgåvene.

For å møta dei økonomiske rammene er det føreslått tiltak knytt til bemanning, organisering og brukarbetaling. Sjølv etter desse tiltaka vil sektoren måtte arbeida vidare med effektivisering og prioritering for å oppretthalda kvaliteten i dei lovpålagde tenestene.

Tenesteområde Oppvekst og utdanning

Oppvekst- og utdanningssektoren omfattar barnehage, grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring og kommunen si rolle som barnehagemynde. Kommunalsjef er leiar for vaksenopplæringa og barnehagemynde. I tillegg har kommunen ein logoped.

Sektoren skal leggja til rette for at barn, unge og vaksne får gode vilkår for læring, utvikling, meistring og deltaking i samfunnet. Gjennom heile oppvekstløpet skal tenestene bidra til tryggleik, inkludering og utvikling.

Barnehagemynde

Kommunen er lokalt barnehagemynde og skal sikra at barnehagen driv i samsvar med regelverket. Dette skjer gjennom rettleiing, tilsyn og godkjenning, og skal vera skilt frå rolla som barnehageeigar for å sikra upartiskheit. Arbeidet skal bidra til at alle barn får eit likeverdig og kvalitativt godt barnehagetilbod i samsvar med krav i lov og forskrift. I 2027 vil barnehagemyndet vidareføra arbeidet med tilsyn og rettleiing, samstundes som det vert lagt vekt på å støtta barnehagen i arbeidet.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa i Eidfjord kommune skal gje norskundervisning for vaksne framandspråklege. Kursa kan føra fram til norskprøve på nivå A1, A2, B1 og B2. Vaksenopplæringa har i hovudsak to tilbod:

- Tilbod 1 er frivillig for dei som ynskjer å skaffa seg eit betre språkleg grunnlag for kvardagen, både når det gjeld arbeid, fritid og utdanning. Det er viktig og naudsynt om du ynskjer å søkja norsk statsborgarskap.
- Tilbod 2 er for innvandrarar og flyktningar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Tenesta er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med integrering og opplæring for vaksne innbyggjarar.

Utviklingsarbeid og kvalitet

Parallelt med omstillingsarbeidet held sektoren fram det langsiktige arbeidet med kvalitet i tenestene.

Kommunen har fått utviklingsmidlar til oppfølging av Plan for arbeid med samordna innsats. Hovudmålet med satsinga er å førebyggja bekymringsfullt skulefråvær og motverka utanforskap blant barn og unge. Arbeidet skal bidra til å hindra at forhold som kan føra til fråvær utviklar seg, samstundes som me førebyggjer at fråvær i seg sjølv skaper eller forsterkar utanforskap. Det er viktig både for den enkelte og for samfunnet, då deltaking i utdanning og fellesskap aukar moglegheitene for meistring, vidare utdanning og arbeid, og kan redusera behovet for meir omfattande hjelpetiltak seinare i livet.

Gjennom det regionale samarbeidet deltek kommunen òg i satsinga Heilskapleg og samordna kompetanseutvikling for inkluderande praksis i partnarskap med NLA Høgskolen. Arbeidet skal styrkja kompetansen i barnehage og skule og bidra til meir inkluderande fellesskap gjennom forskingsbasert utviklingsarbeid, erfaringsdeling og systematisk kompetanseutvikling.

Eidfjord kommune arbeidar tverrfagleg og tverrsektorielt. BTI (Betre tverrfagleg innsats) er kommunen sin modell for tidleg innsats og samhandling kring barn, unge og familiar der det er bekymring. Målet er å fanga opp utfordringar tidleg, sikra samordna oppfølging og bidra til

trygge oppvekstvilkår. Handlingsrettleiaren og stafettloggen er sentrale verktøy i arbeidet med samhandling, brukarmedverknad og koordinering av tiltak. I 2027 vil me arbeida vidare med implementering. Gjennom systematisk samhandling skal kommunen bidra til tidleg innsats, førebygging og betre ressursutnytting.

Kommunen har helsesjukepleiar som er til stades faste dagar på skulen og ein fast dag i barnehagen. Helsestasjon/skulehelsetenesta er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet for barn og unge.

Barnevernstenester vert kjøpt frå Ullensvang kommune og Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) frå Voss herad. Samarbeidet mellom barnehage, skule, barnevern og PPT er sentralt for å byggja trygge oppvekstmiljø og sikra at barn og unge får den hjelpa dei treng.

Mål for oppvekst og utdanning

Mål	Målemetode	Indikator
Alle born og elevar skal oppleva eit trygt, inkluderande og tilpassa læringsmiljø	Tilsette i barnehage og skule brukar gode observasjons- og kartleggingsverktøy for å avdekka tidleg viss det er utrygt barnehage- eller skulemiljø og har gode rutinar og kjennskap til aktivitetsplikta. Barnehage og skule har tilsette med kompetanse på trygt og godt barnehage- og skulemiljø. I skulen vert resultata frå Elevundersøkinga og Ungdata nytta som ein del av det systematiske arbeidet.	Barn og elevar opp gjev høg grad av trivsel og tilhøyring i undersøkingar
Barnehagen og skulen skal ha ein systematisk praksis for kvalitetsutvikling gjennom refleksjon, fagleg samarbeid, kartleggingar og tilbakemeldingar	Gjennomføring av kvalitetsvurderingar t.d. gjennom medarbeidarundersøking, kartleggingar, samtalar ståstadsanalyse	Dokumentasjon på at tilsette har deltatt aktivt i arbeidet
Sjukefråværet blant dei tilsette skal liggja under 6%	Fråværsstatestikk	Fråværsprosent < 6 %

Samla oppsummering av tiltak/endringar

Oppvekst- og utdanningssektoren skal leggja til rette for gode oppvekst- og læringsvilkår for barn, unge og vaksne i Eidfjord. Kvalitet i tenestene er avhengig av kompetente medarbeidarar, godt samarbeid mellom tenestene og systematisk arbeid med tidleg innsats og førebygging.

Sektoren arbeider kontinuerleg med utvikling og forbetring av tenestene. Eit sentralt mål er å styrkja kvaliteten i det ordinære tilbodet slik at fleire barn og unge får den støtta dei treng innanfor fellesskapet. I barnehagen er det særleg merksemd på språk, kommunikasjon, leik, sosial utvikling og tidleg innsats. Skulen har særleg fokus på læringsmiljø, førebygging av skulefråvær, grunnleggjande ferdigheiter og elevane si faglege og sosiale utvikling. Utvikling av profesjonsfellesskap, kompetanseheving og samarbeid med føresette er viktige verkemiddel i dette arbeidet.

I løpet av 2026 har sektoren gjennomført ein grundig gjennomgang av tenestetilbodet og ressursbruk for å tilpassa drifta til dei økonomiske rammene. Arbeidet har gjeve høve til å vurdera rutinar, avtalar, lisensar og andre driftsutgifter på nytt, og har bidrege til auka merksemd på prioriteringar og ressursbruk. Gjennomgangen har synleggjort område der det har vore mogleg å effektivisera drifta utan vesentlege konsekvensar for tenestetilbodet. Samstundes skal sektoren tilpassa drifta til eit strammare økonomisk handlingsrom. Store delar av verksemda er regulerte gjennom lovkrav til bemanning, pedagogisk kompetanse og individuelle rettar for barn og elevar. Dette avgrensar handlingsrommet for innsparingstiltak. I vurderinga av tiltaka for 2027 er det derfor lagt vekt på å skjerma bemanning og pedagogiske ressursar som kjem barn og elevar direkte til gode, og å prioritera dei lovpålagde oppgåvene.

Erfaringane frå omstillingsarbeidet viser at regelmessige gjennomgangar av drift, organisering og ressursbruk er nødvendig for å sikra at tenestene er tilpassa kommunen sine behov og økonomiske rammer. Samstundes må sektoren arbeida langsiktig med rekruttering, kompetanseutvikling og gradvise tilpassingar av ressursbruken.

Målet er å vidareutvikla tenester med god kvalitet innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon, slik at barn, unge og vaksne i Eidfjord òg framover får eit godt og trygt opplærings- og oppvekstilbod.

Organisering av tenesteområde

Tenesteområde Modnen barnehage

I 2026 er leiinga i barnehagen organisert med styrar i 100 % stilling og assisterande styrar i 60 % stilling. I tillegg inngår kommunalsjef for oppvekst og utdanning som ein del av den overordna leiingsstrukturen for barnehagen.

Barnehagen har brei tverrfagleg kompetanse og eit mangfald av yrkesgrupper. I tillegg til barnehagelærarar har me assistentar, fagarbeidarar, sjukepleiar og ernæringsfysiolog. Dette bidreg til å styrkja det pedagogiske arbeidet og sikra heilskapleg oppfølging av barna.

Pedagogbemanninga er organisert i tråd med gjeldande pedagognorm. Det skal vera minst éin pedagogisk leiar per sju barn under tre år og minst éin pedagogisk leiar per fjorten barn over tre år.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna omsorg og eit trygt og inkluderande miljø for leik, læring og utvikling. Gjennom gode relasjonar, fellesskap og tilrettelagde aktivitetar skal barnehagen leggja grunnlaget for trivsel, meistring og livslang lærelyst (lov om barnehagar, formålsparagrafen).

Mål

	Resultatmål 2026	Målemetode
1	Sjukefråvær - fokus på nærvær og jobbe aktivt med å redusere sjukefråvær	Medarbeidarsamtalar og rettleiing. Gjennomgang og evaluering av HMS rutinar og planar. Sjukefråværsrapportering og fråværsstatistikk. Langsiktig og kunnskapsbasert arbeid med psykologisk tryggleik, systemisk praksis og fokus på kvalitetsutvikling i organisasjonen.
2	Førebygging – tidleg tverrfagleg og tilpassa innsats	Interne og eksterne/tverrfaglege møter. Oppfølging og evaluering av forebyggingsplanar. Observasjonar og rapportar. Tett oppfølging av studenter og barnehaglærarar på dispensasjon.
3	Kompetanseheving – Sikre kompetanseheving der det trengst	Kartlegging Rettleiing Medarbeidarsamtalar

Budsjettkommentar:

Ved inngangen til 2026 hadde Modnen barnehage 48 barn fordelt på alle aldersgrupper. Barnegruppa er samansett og har varierande behov for tilrettelegging og oppfølging. Barnehagen har barn med sakkunnig vurdering og spesialpedagogiske vedtak som krev ekstra ressursar utover ordinær grunnbemanning. Barnehagen har òg fleire fleirspråklege barn, inkludert barn med flyktningbakgrunn, noko som stiller krav til språkstimulering, inkludering og tett oppfølging.

Hausten 2025 vart det tilsett spesialpedagog i 100 % stilling. Denne ressursen er avgjerande for at barna skal få oppfylt sine lovfesta rettar og for å sikra eit inkluderande og tilpassa tilbod.

Nærvær og arbeidsmiljø

Arbeidet i barnehage er både relasjonelt, emosjonelt og fysisk krevjande. Dei siste åra er det arbeidd systematisk med nærværsarbeid gjennom tett oppfølging av tilsette, medarbeidarsamtalar, rettleiing, HMS-arbeid og samarbeid med bedriftshelsetenesta. Dette har ført til lågare sjukefråvær enn tidlegare.

Målet er å skapa ein berekraftig arbeidssituasjon som fremjar trivsel, meistring og stabilitet. Stabil bemanning er ein føresetnad for både kvalitet i det pedagogiske arbeidet og for å kunne møta barna sine behov på ein trygg og føreseieleg måte.

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid

Barnehagen er ein sentral arena for tidleg innsats. God bemanning og brei tverrfagleg kompetanse gjer det mogleg å identifisera behov tidleg og setja inn målretta tiltak før utfordringar veks seg større.

Barnehagen har tilsette med ulik fagleg bakgrunn, mellom anna barnehagelærarar, fagarbeidarar, sjukepleiar, ernæringsfysiolog, spesialpedagog og familieterapeut. Den samla

kompetansen styrkar kvaliteten i det daglege arbeidet og legg til rette for tett samarbeid med føresette og andre tenester rundt barnet.

Forsking viser at tidleg innsats og gode barnehagetilbod gjev positive effektar både for den einskilde og for samfunnet på lang sikt. Ressursar brukt i tidlege leveår kan bidra til å redusera behovet for meir omfattande tiltak seinare i oppveksten.

Føresette er den viktigaste samarbeidspartnaren vår. Modnen barnehage legg stor vekt på eit tett og tillitsfullt foreldresamarbeid, der målet er å skapa ei felles forståing av barnet sine behov, ressursar og utviklingsmoglegheiter. Gjennom ei systemisk tilnærming ser me barnet i samanheng med relasjonane og omgjevnadane det er ein del av. Me anerkjenner at kvar familie er unik, med ulike erfaringar, verdiar og behov, og me arbeider for å møta kvar familie med respekt, openheit og tilpassa støtte.

Forsking viser at tidleg innsats og barnehagetilbod av høg kvalitet gjev positive effektar både for det enkelte barnet og for samfunnet på lang sikt. Investeringar i dei tidlege leveåra kan bidra til betre livskvalitet, styrka læring og utvikling, samt redusera behovet for meir omfattande og kostnadskrevjande tiltak seinare i oppveksten.

Kompetanseheving og rekruttering

Mangelen på kvalifiserte barnehagelærarar er ei av dei største utfordringane sektoren står overfor. Modnen barnehage opplever den same situasjonen som resten av landet og manglar om lag 50 % pedagogdekning. Dette gjer det nødvendig å søkja dispensasjon frå utdanningskravet for fleire stillingar. Samstundes har barnehagen valt ei langsiktig satsing på kompetanseutvikling. Fleire tilsette tek barnehagelærarutdanning ved sida av arbeid, og hausten 2025 er fem tilsette under utdanning. I tillegg tek styrar den nasjonale leiarutdanninga for styrarar, og spesialpedagog tek master i spesialpedagogikk. Barnehagen ser dette som ei viktig investering i framtidig rekruttering og kvalitet. Samstundes krev oppfølging av studentar og nyutdanna medarbeidarar tid og ressursar frå eksisterande fagpersonell. Når pedagogdekninga allereie er låg, skaper dette eit ekstra press på dei tilsette som har rettleiingsansvar.

Kvalitetsutvikling og pedagogiske satsingar

Gjennom arbeidet med regional ordning for kompetanseutvikling (REKOMP) har barnehagen over fleire år arbeidd målretta med måltidet som pedagogisk arena. Måltidet handlar ikkje berre om ernæring, men òg om språk, sosial kompetanse, medverknad, fellesskap, matematiske erfaringar og livsmeistring.

Arbeidet vert leia av ein tilsett med kompetanse innan ernæring og barnehagepedagogikk, og inngår som ein del av barnehagen sitt kontinuerlege kvalitetsarbeid. Målet er å utvikla måltida i tråd med rammeplanen sine intensjonar og sikra heilskaplege læringsarenaer gjennom dagen.

Kapasitetsutfordringar

Dagens lokale gjev enkelte utfordringar for å kunne gjennomføra spesialpedagogiske tiltak på ein god måte. Den eine storbarnsavdelinga manglar eigna arbeidsrom for individuell oppfølging og mindre gruppeaktivitetar. Dette gjer det utfordrande å tilby spesialpedagogiske tenester i tråd med anbefalingar og behov.

Barnehagen har òg utfordringar knytt til mangel på kontor- og arbeidsplassar for dei tilsette. Auka krav til dokumentasjon, foreldresamarbeid, tverrfagleg samarbeid, spesialpedagogisk arbeid, rettleiing av studentar og administrativt arbeid krev tilgang til eigna arbeidsplassar der dei tilsette kan arbeida uforstyrra og ivareta teieplikta.

Dagens løysing gjev avgrensa moglegheit for dette og kan påverka både effektivitet, arbeidsmiljø og kvaliteten på oppfølginga av barn og familiar.

For å sikra forsvarleg drift og leggja til rette for framtidige behov, er det naudsynt å vurdera løysingar som kan betra tilgangen på arbeidsrom, kontorplassar og andre støttefunksjonar i barnehagen.

Strategiske utfordringar framover

For å oppretthalda eit forsvarleg og kvalitativt godt barnehagetilbod vil følgjande område ha særleg merksemd i planperioden:

- sikra stabil bemanning og redusera uønskt fråvær
- rekruttera og behalda kvalifiserte pedagogar
- styrkja rettleiing og støtte til studentar og nyutdanna medarbeidarar
- vidareutvikla tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid
- løysa kapasitetsutfordringar knytt til spesialpedagogiske arbeidsrom og kontorplassar
- vidareføra kvalitetsutvikling innan måltid, helse og læringsmiljø
- sikra at lovkrav, rammeplan og pedagogiske mål vert oppfylte innanfor tilgjengelege ressursar

Tenesteområde Lægreid skule

Det er tilsett 23 lærarar i tillegg til rektor og ass. rektor. Ass. rektor har noko undervisning i si stilling. Det er 11 personar som har andre funksjonar: fagarbeidarar og assistentar. Det er tilsett ein logoped i 50 %.

Skulen skal vera ein lærande og dynamisk organisasjon. Me skal leggja til rette for at lærarane og andre tilsette skal læra av kvarandre gjennom samarbeid i profesjonsfellesskapet. Me skal vera opne for impulsar utanfrå. Ein lærande skule har endringskapasitet og vilje til kontinuerleg utvikling, og den overlèt ikkje til den enkelte læraren å ta ansvar for nye satsingsområde.

Det er 10 klassar på skulen. Me har 10 kontaktlærarar.

- 1.–4. klasse har 25 undervisningstimar i veka.
- 5.–7. trinn har 30 undervisningstimar i veka
- 8.–10. trinn har 31 undervisningstimar i veka.

Vaksenopplæringa ligg frå skuleåret 26/27 under kommunalsjef for oppvekst og utdanning. Det er 60 % lærarressurs ved vaksenopplæringa.

For offentleg bading er det tilsett badevakt i 20 % stilling som skulen organiserer. Ass. rektor har delegert ansvar for off. bading.

Satsingsområder

Brukarar og elevmedverknad

Skulen skal fremja trygge og motstandskraftige barn med sosial kompetanse og evne til å meistra kvardagen. Elevane skal ha medverknad i eiga læring og skulekvardag. Me har elevråd delt i to grupper: 2.–6. og 7.–10. klasse.

Læringsmiljø og trivsel

Skulen skal ha tett dialog med føresette og elevar for å sikra fagleg og sosial utvikling. Målet er trivsel på eller over landsgjennomsnittet og ein skule utan mobbing. Skulen skal ha tett samarbeid med FAU.

Læringsstrategiar og fagleg utvikling

Elevane skal utvikla kompetansen «å lære å lære» og få innsikt i eigen læringsprosess. Me brukar Lingdys som støtte i lese- og skriveopplæring, tekstutvikling og språkinnlæring.

Fagleg måloppnåing og motivasjon

Skulen skal arbeida for å liggja på eller over nasjonalt snitt i prøver i lesing, rekning og engelsk. Opplæringa skal vera praktisk og variert for å styrkja motivasjon og meistring.

Aktivitet og trivsel

Elevane får eit breitt aktivitetstilbod gjennom Trivselsprogrammet (TL), fysisk aktivitet og uteskule. Program som Zippy, Eple, Passport og Draumeskolen vert nytta som livsmeistringsprogram. Alle desse programma skal fremja godt klasse- og skulemiljø. Skulen arbeider haldningsskapande med klima og miljø gjennom kompetansemål og aksjonar.

SFO

I SFO skal barna utvikla sosial samhandling og gode relasjonar gjennom leik og aktivitetar. Vaksne skal vera tydelege og varme, og barna skal få påverka innhaldet i kvardagen.

Utviklingsoppgåver - tilsette

Tilsette skal arbeida med metodar som fremjar erfaringsdeling, refleksjon og samarbeid. Dei brukar varierte arbeidsmetodar. Det skal byggast gode lag rundt barnet gjennom samarbeid med kommunale tenester og tett dialog med føresette, mellom anna gjennom å laga gode foreldremøte.

Medarbeidar – interne prosessar

- Me skal ha fokus på erfaringsdeling og samarbeid i personalgruppa og i Hardanger Voss kompetanseregion.
- Sjukefråvær skal liggja under 6 %.
- Medarbeidarsamtalar skal gjennomførast årleg og ved behov.
- Leiinga praktiserer open dør og lyttar til dei tilsette.
- Alle tilsette skal kjenna sine plikter.
- Arbeidsmiljøet skal styrkast gjennom bruk av verktøy frå Arbeidsdirektoratet.

- Det skal etablerast gode rutinar for handtering av vald og trugslar.

Sjukefråvær

Lægreid skule og SFO har hittil i år eit sjukefråvær på 6,48 %. Eidfjord kommune er ei IA-verksemd og har fokus på førebygging og oppfølging av fråvær i tråd med vedtekne rutinar. Å sikra god oppfylging og leggja til rette arenaer der fråvær vert kommunisert er ei prioritert oppgåve for alle leiarar i Eidfjord kommune.

Kvalitetsoppfølging

Tenesta følgjer opp satsingsområda gjennom ulike metodar som elevundersøkingar, kvalitetsmeldingar, nasjonale prøver, kartleggingar, årsrapportar, foreldremøte og utviklingssamtalar. På SFO skjer oppfølging gjennom rammeplan, årsplan og barnemøte.

Mål

Mål	Resultatmål 2026	Målemetode
1	Elevane sin trivsel skal liggja minst på landsgjennomsnittet.	Elevundersøking
2	Me skal liggja på, eller over, gjennomsnittleg resultat i nasjonale prøvar for lesing, rekning og engelsk.	Nasjonale prøvar
3	Alle klassar frå 1.-4. klasse skal bruka BU-modellen i opplæring av omgrep.	Årleg kartlegging av elevane
4	Me skal vidareutvikla vår profesjonsfaglege kompetanse.	Medarbeidarsamtale. Refleksjon rundt eigen praksis t.d. i team
5	Elevane skal ikkje ha meir enn 10 dagar fråvær i løpet av skuleåret	Me følgjer planen for å hindra fråvær, og leiinga følgjer opp ved jamleg kontroll av fråværet. Leiinga gjennomgår fråværet jamleg og arkiverer oversikten ved skuleslutt i juni.

Budsjettkommentar:

Individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) og samhandling

Det allmennpedagogiske tilbodet skal vera så bra at færrast mogleg elevar vil trenga å få ITO. Vaksentettleiken skal vera høg, særskilt dei fyrste skuleåra. Dette vil sikra at elevar som treng det, får tett oppfylging. Analyse av resultata i dei obligatoriske kartleggingane i 1. og 3. klasse vert viktig for å kunne setja inn intensiv opplæring der det er behov. Me ser framsteg for elevar som har vore under kritisk grense i 1. klasse, etter kartlegging og intensive kurs, til dei går i 3. klasse.

ITO går føre seg, så langt det let seg gjera, inne i klasserommet med to-lærar-system. Dette er i samsvar med intensjonen for ITO. I nokre tilfelle vil me bruka mindre grupper. Eidfjord kommune kjøper teneste frå «Inn på tunet» i Granvin. Dette er eit svært viktig tilbod som alternativ opplæringsarena for elevar med særskilde behov. Det er praktisk retta undervisnig som har stor betydning for livskvaliteten for desse elevane som er i risikosona for å detta ut sosialt.

Digitalisering

Digital dugleik er ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i Kunnskapsløftet (LK20). Lægreid skule har fokus på digitalisering, og at elevar og tilsette har digital kompetanse som gjer at skulen fylgjer med på teknologisk utvikling. Digitalisering påverkar kvardagen og samhandling i stadig større grad. Kvardagen vert meir digitalisert, og me samhandlar og kommuniserer meir gjennom digitale løysingar. «Elevane sine digitale ferdigheiter er en forutsetning for livsmeistring og for å lykkes i utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet» (Kunnskapsdepartementet 2017).

Ein profesjonsfagleg digitalt kompetent lærar har forståing for korleis den digitale utviklinga endrar og utvidar innhaldet i faga. Læraren har innsikt i korleis integrering av digitale ressursar i læringsprosessar kan bidra til å nå kompetansemål i fag og ivareta dei fem grunnleggjande ferdigheitene: lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter.

Bruk av digitale verktøy gjev tilsette høve til stor grad av variasjon og tilpassing av undervisninga, og vil gjera det lettare å gje nødvendig støtte og faglege utfordringar til elevar. Elevane skal læra å vera kritiske til informasjon dei finn på nettet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skole som administrativt verktøy og til kommunikasjon med føresette. Me skal ha digitale løysingar som gjer skule–heim-samarbeidet effektivt og brukarvenleg gjennom skya og via appar. For å ivareta personvernet skal skulen nytta læringsressursar/læremiddel som vert leverte av norske aktørar, og lisensbelagde applikasjonar.

Profesjonsfellesskapet

Lærarane og leiarane på skulen har avgjerande betydning for elevane sitt læringsutbyte og for læringsmiljøet på skulen. Lærarprofesjonen og skuleleiarane har eit felles ansvar for at eigen praksis er i tråd med formålsparagrafen og læreplanverket, for å ivareta elevane sitt beste, og for at skulen i fellesskap utviklar seg for å nå måla sine. Skulen arbeider med kompetanseheving og skuleutvikling gjennom delingskultur og samarbeid i team, klasseteam og SFO-møte. I tillegg arbeider me kvar veke med utvikling av skulen si verksemd gjennom pedagogisk utviklingsarbeid. I løpet av skuleåret har me 6 planleggingsdagar. To fagarbeidarar går på lærarstudiet på Notodden.

To lærarar studerer gjennom «Vidareutdanning og kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og grunnopplæring» dette skuleåret. Eidfjord kommune held fram med å gje gode vilkår for vidareutdanning, då dette er viktig for å behalda og rekruttera gode fagfolk. Skulen har søkt om midlar til kollektiv profesjonsutvikling og har inngått samarbeid med HVL skuleåret 2026–2027. Me skal vidareutvikla kompetansen til lærarane og andre tilsette rundt temaet «Lesing i alle fag».

Strategiske utfordringar

- Rekruttering av kvalifiserte arbeidstakarar
- Knappheit på rett kompetanse
- Endringar i dagens samfunn går fort
- Å styrkja det førebyggjande arbeidet for psykisk helse hjå barn og unge

7.3 Kultur, næring og berekraft

Budsjett

Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
01-09 Lønsutgifter inkl trygd og avgift	*6 879*	7 133	7 303	7 473	7 643
10-29 Varer/tenester som inngår i komm. eigenprod.	*2 048*	1 687	1 687	1 687	1 687
30-39 Tenester spm erstattar komm. eigenproduksjon	*236*	236	236	236	236
40-49 Overføringsutgifter	*2 733*	1 752	1 552	1 552	1 552
60-69 Salgs- og leigeinntekter	*-401*	-401	-401	-401	-401
70-79 Refusjonar	*-341*	-341	-341	-341	-341
90-99 Finansieringsinntekter	*-100*	-100	-100	-100	-100
	11 054	9 966	9 936	10 106	10 276

Årsverk

Funksjon	Årsverk
Kommunalsjef	1
Kultursjef	1
Kulturskulerektor	0,65
Heimesideredaksjon/intranett m.m	0,35
Kulturskulelærarar (7 personar)	2,27
Biblioteksjef	0,6
Rådgjevar klima og berekraft	0,3
Førebygging/folkehelse	0,5
Næringsrådgjevar (delvis vakant , delvis kjøp av konsuletjenester)	0
Kinomaskinist, klubbmedarbeidar	0,38
Totalt	7,05

Nye tiltak/budsjettendringar

	2027	2028	2029	2030
Reduserte driftskostnadar	-155	-155	-155	-155
Babysymjing 5 % stilling	-36	-36	-36	-36
Vakant næringsrådgjevar	-917	-917	-917	-917

Budsjettkommentar

Reduserte stillingar KNB

Stillinga som næringsrådgjevar har vore vakant sidan våren 2024. I samband med behovet for eit samla nedtak på 10 prosent er det vurdert at stillinga vert teken ned inntil vidare.

Tilsvarande vert òg ressursen knytt til 5 prosent stilling for babysymjing og vasstrening teken ned. Desse tiltaka inngår som del av den samla vurderinga av ressursbruk og prioriteringar innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Det vart i førre nedtaksrunde gjennomført reduksjonar i stillingsressursar knytt til kulturskulen, fritidsklubben og kinoen. Eit ytterlegare nedtak innan desse områda må vurderast særskilt opp mot risiko for redusert kapasitet, svekka tenestekvalitet og utfordringar med å oppretthalda forsvarleg tenesteleveranse.

Tenesteområde Kultur, næring og berekraft

Eininga for kultur, næring og berekraft er ei samansett avdeling med ansvar for eit breitt spekter av fag- og tenesteområde. Verksemda omfattar oppgåver frå miljøsertifisering til undervisning gjennom kulturskulen, og kombinerer både lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester.

Tenesteområdet har både lovpålagde og ikkje-lovpålagde oppgåver og omfattar mellom anna drift av kulturskule og bibliotek, samt aktivitetar som babysymjing, fritidsverkstad for eldre, fritidsklubb for ungdom og eit aktivt ungdomsråd, for å nemna nokre. Desse tiltaka er viktige for trivsel, fellesskap og førebygging, og bidreg til å ivareta både psykisk og fysisk helse for ulike aldersgrupper.

Eininga har vidare ansvar for næringssaker, og arbeider tett opp mot regionsamarbeidet innan Hardangerrådet sitt verkeområde. Det er òg eit etablert samarbeid med Visit Eidfjord og Visit Hardangerfjord for å sikra god koordinering og heilskapleg forvalting av reiselivet både lokalt og i regionen

Avdelinga har i tillegg ansvar for kulturminne, kulturarv og turløyper, som skal bidra til opplevingar og rekreasjon for innbyggjarane, samstundes som dei gjev gode

opplevingar for tilreisande. I tillegg har me drift og administrasjon av Galleri N. Bergslien, kunstutstillingar og kunstnarbustad.

Oppgåvene i eininga er mangesidige og krev brei kompetanse innan fleire fagområde. I tillegg kjem driftsoppgåver, ulike tilskotsordningar, aktivitetar og publikumshenvendingar knytt til å levera gode tenester til innbyggjarane. Dette gjer avdelinga til ein sentral aktør i arbeidet med å fremja berekraftig utvikling og skapa gode lokalsamfunn som er gode stadar å bu i og besøkja.

Kultur og idrett

• Kulturskulen • Musikkterapi barnehage, skule, aldersheim • Galleri • Kunstnarbustad/stipend • Tilskot til kulturarbeid • Spelemidlar • Kulturminne (vern og oppfylging) • Hardanger/Berlin • Hardanger Kulturråd • Kino • seniorkino • Ung kultur møtes (UKM) • De unges festspilldag (DUF)	• Treningsrom Eidfjordhallen • Den kulturelle spaserstokken • Den kulturelle skulesekken • Driftsstyre idrettshall • Nærmiljøanlegg • Turstiar • Kunstnarbustad/stipend • Oppfylging av lag og organisasjonar	• Publikumskontakt • Folkebibliotek • Skulebibliotek • Samlingsutvikling • Hardangerbibliotek a • Lokalhistorisk samling • Fotosamling Eidfjord kommune • Studiesenter Kommunal kunstsamling • Senioruniversitet

Førebyggjande arbeid

• Barne, ungdomsarbeid og folkehelse • Ulike arrangement (td 16. mai) • Fritidsklubb • Ungdomsråd	• Oppvekstgruppe (politi, helse, sosial, barnevern, kultur) • Oppfylging ruspolitisk handlingsplan • Ung data • vasstrening	• Folkehelseoversikt • Babysymjing • Styrketreningskurs for ungdom • Styrketreningskurs for vaksne/eldre

		• Oppfylging av lag og organisasjonar

Berekraft og Næring

• Sakshandsaming næringsstønad • Sakshandsaming søknad Hardanger og Voss Næringshage (HVNH) • Rep. Team Hardanger • Kontaktperson mot • HVNH	• Miljøfyrtårn • Sertifisering kommunale einingar • Miljøfyrtårnrapportering • Besøksforvalting • Samskaping med Visit Eidfjord og Visit Hardangerfjord.	• Strategisk næringsplan og oppfylging av denne • sentrumsutvikling • Matsvinnreduksjon • ENØK fond • Klimaråd

Digitale Kommunikasjonskanalar- forvalting og utvikling

• Heimesida • Digitale skjema på heimesida • Dokumenter, planar og høyringar på heimesida • Innformasjonskjermar i kommunale bygg • Friskus	• Illustrasjonar og visuelt innhald • Språkvask og redigering for ulike einingane • Intranett • Oppfylging av førespurnader gjennom FB, Friskus, • Borgarmeldingar • Rettleiing og kompetanseutvikling i organisasjonen • Nye undersider og tematiske nettsider	• samla kvalitetssikring av ekstern kommunikasjon • trening KI agentar

Mål

	Resultatmål 2026	Målemetode
1	Me skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet	Budsjettkontroll
2	Sakshandsaming skal som hovudregel ikkje overstiga 3 veker, dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift.	Statistikk
3	Me skal ha fokus på HTM knytt til i personalmøter der m.a psykososialt arbeidsmiljø er på dagsorden. Dette er eit ledd i arbeidet med å halda nede sjukefråværet, auka trivnad og eit helsefremjande arbeidsmiljø og at det vert integrert i arbeidskvardagen på ein systematisk og strukturert tiltaksform. Det skal vera tett oppfølging av sjukemelde.	Statistikk og eigenrapport

Turstiar

Det er behov for å oppdatera og skifta ut turskilt i Eidfjord sentrum og Øvre Eidfjord. Turstinettet er utvikla over fleire år og er presentert i eigne turkart som er tilgjengelege for innbyggjarar og besøkande. God og tydeleg skilting er nødvendig for å sikra at stiane er enkle å finna og nytta.

Turstinettet er eit viktig tilbod for friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet, med turar av ulik lengd og vanskegrad. Stiane gjev innbyggjarar og besøkande tilgang til natur- og kulturopplevingar i nærområda. Kulturminneskilt langs stiane formidlar lokalhistorie og gjev auka kunnskap om kulturarven i kommunen.

Oppdatert skilting er òg eit tiltak i besøksforvaltinga. I periodar med mange besøkande oppstår det trengsel og utfordringar knytte til trafikktryggleik og framkomst i Eidfjord sentrum. Tydeleg skilting til attraktive turar i nærområda kan bidra til å fordela ferdsla over eit større område og redusera presset i sentrum.

Det vert lagt opp til at nye skilt skal følgja nasjonale malar for turskilting, slik at kommunen får ei einsarta og attkjenneleg skilting. Dei eksisterande skilta er laga av ein lokal handverkar som har avslutta produksjonen og ikkje lenger kan levera nye skilt. Det er søkt Sparebankstiftinga om støtte til å dekkja tiltaket. Eigenandelen vert dekt gjennom eigne driftsmidlar.

Sentrumsutvikling – designmanual

I arbeidet med vidare utvikling av sentrum er det formålstenleg å utarbeida ein designmanual. Manualen skal sikra ein heilskapleg og gjennomgåande profil for sentrum, med felles retningsliner for fargar, materialbruk, møblar, belysning, beplanting og anna utforming av offentlege rom. Designmanualen vert òg ein føresetnad ved eventuelt innføring av retningslinjer for reklame og skilting både for offentleg og private sektor.

Designmanualen skal òg omfatta utforming av retningsskilt og informasjonsskilt, slik at desse får eit einskapleg uttrykk og bidreg til god orientering for innbyggjarar og besøkande. Ei slik manual vil vera eit viktig verktøy for å styrkja stadidentiteten, leggja til rette for samordna tiltak mellom kommunen og private aktørar, samt sikra høg kvalitet og varigheit i sentrumsutviklinga. Eidfjord kommune har fått utarbeidd ei profilhandbok og deler av denne kan brukast knytt til design manualen. Manualen vil ta utgangpunkt i Eidfjord kommune si profilhandbok.

Førebyggjande folkehelse

Eidfjord kommune har ein førebyggingskoordinator knytt til førebyggjande folkehelse i 50 prosent stilling, med ansvar for førebyggjande og helsefremjande arbeid. Oppgåvene omfattar mellom anna ungdomsrådet, fritidsklubben og tilrettelegging for treningstilbod for ungdom og eldre, vasstrening, babysymjing og koordinering av oppvekstgruppa. Stillinga bidreg dermed til aktivitet, deltaking og førebygging på tvers av aldersgrupper. Stillinga omfattar òg administrative oppgåver knytte til kartlegging, samordning og oppfølging av kommunen sitt systematiske folkehelsearbeid. Dette inneber mellom anna oppfølging av

folkehelseplanen og gjennomgang av folkehelseprofilen og anna kunnskapsgrunnlag for å identifisera lokale utfordringar og behov. Arbeidet skal bidra til at folkehelseperspektivet vert innarbeidd i kommunen sine plan- og styringsprosessar, og at prioriterte tiltak vert følgde opp, evaluerte og justerte.

Oppvekstgruppa er ein sentral arena for samordning av det førebyggjande arbeidet for barn og ungdom, mellom anna gjennom oppfølging av tiltak og prosjekt i ruspolitisk handlingsplan. Gruppa sikrar systematisk dialog mellom tenestene som møter barn og ungdom, og gjev grunnlag for å dela kunnskap om utviklingstrekk, utfordringar og erfaringar med gjennomførte tiltak. Dette styrkjer kommunen si evne til å oppdaga utfordringar tidleg og setja inn målretta innsats. Saman med oppvekst- og helsetenestene, barnekoordinatoren og modellen for betre tverrfagleg innsats (BTI) inngår arbeidet i ein heilskapleg og samordna innsats for barn og ungdom i Eidfjord.

Vestland fylkeskommune har teke initiativ til eit fornya samarbeid med kommunane gjennom satsinga «Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026–2036». Satsinga skal styrkja kommunane sitt lovpålagde folkehelsearbeid gjennom regionalt samarbeid og partnarskap. Arbeidet skal byggja på eksisterande plan-, styrings- og kvalitetsprosessar, tilpassast lokale behov og bidra til betre samanheng, kvalitet og langsiktig utvikling.

Kommunar som inngår partnarskapsavtale, kan få eit årleg utviklingstilskot. For 2027 er tilskotet sett til 200 000 kroner per kommune, med mål om tilsvarande årlege tilskot fram til og med 2036. Tilskotet er avhengig av årlege løyvingar i fylkeskommunen sitt budsjett. Kommunen skal bidra med ein eigeninnsats som minst svarer til tilskotsbeløpet. Denne kan dekkjast gjennom lønskostnadar knytte til førebyggingskoordinatoren sitt arbeid i partnarskapen.

Det vert tilrådd å vidareføra førebyggingskoordinatorstillinga og inngå partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune. For budsjettet for 2027 vert det føreslått å leggja til grunn eit utviklingstilskot på 200 000 kroner, med atterhald om endeleg avtale og tildeling. Partnarskapen vil gje høve til å styrkja det systematiske folkehelsearbeidet med utgangspunkt i kommunen sine eksisterande ressursar og samarbeidsstrukturar.

Babysymjing

Kultur, næring og berekraft (KNB) har i mange år gjeve tilbod om babysymjing. Tilbodet vert ivareteke gjennom ein stillingsressurs på 5 prosent som òg omfattar andre oppgåver. Det er ønskjeleg å vidareføra babysymjinga som ein del av kommunen sitt førebyggjande og helsefremjande arbeid for dei minste barna og familiane deira.

Babysymjinga er òg ein viktig sosial møteplass der småbarnsforeldre kan møta andre i same livssituasjon, byggja nettverk og oppleva fellesskap. I periodar med låge fødselstal har det vore mogleg å utvida tilbodet til barn i alderen eitt til to år. Tilbodet har òg vore ope for familiar frå nærliggjande bygder og kommunar og har gjeve eit lokalt alternativ til å reisa til Voss eller Odda.

Vidareføringa er avhengig av både tilgang på instruktørressurs og eit operativt terapibasseng. Det er uvisse om stillingsressursen vert vidareført når noverande instruktør går av med pensjon. Samstundes er nødvendig vedlikehald av

terapibassenget ein føresetnad for å kunna gjennomføra aktiviteten. I budsjettarbeidet må behovet for bemanning og vedlikehald difor vurderast i samanheng.

Eit redusert eller avvikla tilbod vil svekkja aktivitetstilbodet til dei minste barna og fjerna ein viktig møteplass for småbarnsforeldre. Dette vil vera uheldig for det førebyggjande folkehelsearbeidet og kan òg redusera kommunen sin attraktivitet for småbarnsfamiliar. Vidareføring av babysymjinga bør difor vurderast i samanheng med førebyggjande folkehelse samt generelt tilbod knytt til trivsel, bulyst og blilyst i Eidfjord.

Kino – lydanlegg

Det er behov for å oppgradera lydanlegget ved Eidfjord kino for å sikra vidare kinodrift. Kommunen investerte i ny kinoframvisar i for nokre år sidan , men lydanlegget er gammalt og har behov for utskifting. Etter at det eksisterande systemet svikta for nokre månader sidan, har kinoen nytta låneutstyr frå serviceleverandøren SåBra AS. Dette er ei tidsavgrensa nødløysing fram til kommunen får eige utstyr på plass.

Ei investeringa er nødvendig for å oppretthalda eit fungerande lydanlegg og kunna gjennomføra kinoframsyningar. Dersom det ikkje vert sett av midlar til ei varig løysing, vil me måtte vurdera å stansa kinotilbodet i løpet av vinteren når låneutstyret ikkje lenger er tilgjengeleg. Det vert lagt inn kr. 400 000 i investeringsbudsjettet til dette tiltaket slik at me sikrar god kinooppleving for framtida. Summen tar høgde for lydløysingar i samarbeid med Vøringsfoss hotell.

Kinoadministrator

Administrasjon av kinoen er ein nødvendig del av drifta og ein føresetnad for å oppretthalda eit regelmessig kinotilbod. Oppgåvene omfattar val og bestilling av filmar, mottak og kontroll av digitale visingsnøklar og manuell rapportering av besøkstal, fordelte på barn og vaksne, etter kvar framsyning.

Arbeidet omfattar òg marknadsføring av filmtilbodet, mellom anna utarbeiding av korte marknadsføringsvideoar og publisering på kommunen si heimeside, Friskus, Facebook og informasjonsskjermar i kommunale bygg. I tillegg kjem produksjon og distribusjon av plakatar til kommunehuset, butikkar og grender.

Det er òg starta opp seniorkino på dagtid, samordna med biblioteket sitt senioruniversitet. Dette krev særskild koordinering og målretta informasjon, mellom anna gjennom plakatar og andre fysiske informasjonskanalar som når den eldre delen av innbyggjarane.

Den administrative ressursen var tidlegare ei stilling på 34 prosent. Etter at den tilsette gjekk av med pensjon, vart det lyst ut ei stilling på 20 prosent, utan at det kom søkjarar. Dersom kommunen ikkje får på plass ein fast ressurs til å ivareta

oppgåvene, vil kinotilbodet måtte reduserast vesentleg og i ytste konsekvens falla bort.

Det vert føreslått å redusera ramma til kulturfondet frå 200 000 kroner til 100 000 kroner i budsjettet for 2027 og omdisponera 100 000 kroner til finansiering av ei administrativ kinostilling på 20 prosent. Forslaget inneber ei omprioritering av kulturfondmidlane for å sikra vidare drift av kinoen, samstundes som det vert mindre midlar til andre kulturprosjekter gjennom kulturfondet.

Forvaltning og utvikling av kommunen sine digitale kommunikasjonskanalar

Dette er eit stort og løpande arbeid som støttar tenestene i heile organisasjonen. Arbeidet har ikkje vore synleg som eit eige oppgåveområde i budsjettet før. Difor må me gjera tydeleg kva oppgåvene er, og kor mykje ressursar som går med til drift, kvalitetssikring og utvikling.

Nettsida til kommunen

Innhald på nettsida

Utarbeida, oppdatera og publisera informasjon om kommunale tenester, aktivitetar og aktuelle saker. Arbeidet omfattar å ta imot informasjon frå fagområda, tilpassa tekst og struktur og kontrollera at informasjonen er korrekt, forståeleg og universelt utforma.

Digitale skjema

Utvikla, testa og halda ved like digitale søknads- og tilbakemeldingsskjema som er tilpassa behova i dei ulike tenesteområda. Me lagar skjemaa i dialog med det ansvarlege tenesteområdet. Saman avklarar me kva opplysningar skjemaet skal henta inn, korleis spørsmåla skal formulerast, og kva rettleiing brukarane treng.
Skjemaa skal vera brukarvenlege og enkle å forstå og fylla ut. Dei skal òg vera universelt utforma.

Dokument, planar og høyringar

Klargjera og publisera dokument, planar og høyringar i nettsideløysinga. Arbeidet omfattar å strukturera innhald og vedlegg og tilpassa dei til nettsideløysinga. Det omfattar òg å informera om fristar og korleis innbyggjarane kan gje innspel, og å oppdatera sidene når planar vert vedtekne eller høyringar vert avslutta.

Nye undersider og tematiske nettsider

Byggja opp og vidareutvikla undersider, mellom anna for BTI, Galleri N. Bergslien og fjellstyret. Arbeidet omfattar å planleggja struktur og navigasjon, henta inn og tilpassa innhald og vedlikehalda og oppdatera sidene etterpå.

Andre kanalar

Informasjonsskjermar i kommunale bygg

Produsera og tilpassa informasjon til skjermformat, med korte bodskapar og tydeleg visuell framstilling. Innhaldet må oppdaterast jamleg, og informasjon om avslutta

arrangement og utgåtte fristar må fjernast. Informasjonen kjem både frå kommunen sine eigne einingar og frå lag, organisasjonar og andre eksterne aktørar som vil informera om arrangement og aktivitetar.

Friskus

Utarbeida, publisera og oppdatera informasjon om aktivitetar, arrangement og kommunale tilbod. Arbeidet krev tilpassing til kanalen og samordning med informasjon som vert publisert andre stader, slik at innbyggjarane får eintydig og oppdatert informasjon.

Meldingar og førespurnader

Følgja opp førespurnader gjennom Facebook, Friskus, Borgarmelding og liknande kanalar. Arbeidet omfattar å svara på spørsmål, henta inn nødvendige avklaringar og senda førespurnader vidare til rett teneste når dei krev fagleg oppfølging.

Intranett

Utarbeida og oppdatera intern informasjon, rettleiingar og rutinar. Arbeidet skal hjelpa dei tilsette å finna relevant informasjon. Det krev samordning med dei som har ansvar for innhaldet i dei ulike delane av organisasjonen. Me fjernar òg utdatert informasjon og dokument som ikkje lenger gjeld.

Kvalitet og støtte til einingane

Samla kvalitetssikring av ekstern kommunikasjon

Kontrollera at informasjonen frå kommunen er korrekt, forståeleg og samordna på tvers av einingar og kanalar. Det inneber mellom anna å avklara bodskap, kontrollera fristar og kontaktopplysningar og redusera risikoen for motstridande eller utdatert informasjon.

Språkvask og redigering

Alle einingane brukar ressursane i KNB til å korrekturlesa, omarbeida og tilpassa tekstar før publisering. Oppgåva omfattar rettskriving, klarspråk, struktur og tilpassing til målgruppa. Ofte må me avklara fleire ting med den som sende teksten, før han er klar.

Illustrasjonar og visuelt innhald

Produsera og tilpassa illustrasjonar og grafisk materiell til dei ulike kommunikasjonskanalane. Dette omfattar arbeid med format, lesbarheit og profilhandboka til kommunen, slik at innhaldet er attkjenneleg og lett å forstå.

Rettleiing og kompetanseutvikling

Halda organisasjonen oppdatert på tekstskriving, klarspråk, universell utforming, rettskriving og profilering. Dette omfattar rettleiing til tilsette, deling av kunnskap og utvikling av felles praksis for kommunal kommunikasjon.

Utvikling av nye løysingar

KI-agentar

Byggja opp og tilpassa KI-agentar til aktuelle arbeidsoppgåver. Dette krev at me avklarar føremålet, strukturerer kunnskapsgrunnlaget, skriv instruksjonar og testar og

kvalitetssikrar agentane systematisk. Agentane må òg følgjast opp og oppdaterast når innhald eller behov endrar seg. Klarspråk er eit døme på ein agent som me har trent opp, og som alle i organisasjonen kan bruka.

Ressursbruk og behov

Forvaltning og utvikling av dei digitale kommunikasjonskanalane til kommunen bør synleggjerast som ein felles støttefunksjon for heile organisasjonen. I dag er det sett av ein stillingsressurs på 35 prosent spesifikt til heimesidearbeidet, men den faktiske tids- og ressursbruken er mykje høgare fordi oppgåvene er meir omfattande og tidkrevjande. I KNB er det kulturskulerektor og kultursjefen gjer arbeidet, og i tillegg bidreg IT, forvaltning og fellestenesta. Difor må me få fram både den avsette stillingsressursen og resten av arbeidsinnsatsen på tvers av einingane. Bemanning og prioriteringar må vurderast opp mot det samla oppgåveomfanget og forventningane til oppdatering, tilgjenge og kvalitet i den digitale kommunikasjonen til kommunen.

Ekstern finansiering av drift og tiltak – innvilga tilskot og planlagde søknader

Ekstern finansiering	Tiltak	Sum	Merknad	År	Status
Bufdir	Barn og ungdom	Kr 300 000,- over 3 år	Finansiering av fritidsklubb	Siste året 2026	Innvilga
Frifond	Barn og ungdom	Kr 30 000,-	Aktivitetar/ utstyr	2026	Innvilga
Sparebankstiftinga	Vedlikehald til tursti Kjeåsen	Kr 100 000,-	Tiltak utover vanleg vedlikehald	2026	Innvilga
Sparebankstiftinga	Treningsapp. i treningssenter	Kr 278 133,-	Tildelt i 2025	2025	Innvilga
Sparebankstiftinga	Turskilt Eidfjord og Ø. Eidfjord	Kr 47 000,-	Fornying av gamle skilt	2026	Innvilga
Sparebankstiftinga	3 varmepumper	Kr 100 000,-	Til Eidfjord fritidssenter (Eidfjord fritidssenter)	2027	Innvilga
Sparebankstiftinga	Nytt kjøken	Kr 250 000,-	Eidfjord Fritidssenter	2027	Innvilga
VLFK – Folkehelse	Førebyggjande folkehelse	Kr 200 000,-	Partnerskap avtale	2027	Skal omsøkjast
DKS	Kulturarr.	Kr 30 000,-	Barn og unge	2026	Innvilga
VLFK – bibliotekutvikling	Nye bokhyller	Kr 87 000,-	Bibliotek som arena	2026	Innvilga
		Sum 1 442 133,-			

Dei eksterne tilskota går direkte til finansiering av drift og konkrete tiltak og medfører ikkje behov for nye stillingar.

7.4 Drift og forvaltning

Budsjett

Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
01-09 Lønsutgifter inkl trygd og avgift	*28 393*	28 699	28 944	29 589	30 234
10-29 Varer/tenester som inngår i komm. eigenprod.	*23 553*	22 078	22 078	22 078	22 078
30-39 Tenester spm erstattar komm. eigenproduksjon	*4 024*	4 024	4 024	4 024	4 024
40-49 Overføringsutgifter	*1 959*	1 959	1 959	1 959	1 959
60-69 Salgs- og leigeinntekter	*-29 920*	-39 160	-44 373	-43 458	-41 839
70-79 Refusjonar	*-2 345*	-2 345	-2 345	-2 345	-2 345
	25 663	15 254	10 286	11 846	14 110

Årsverk

Eining	Årsverk*
Drift og Forvaltning	1,8
Drift	10,65
Reinhald	7,05
Vatn og Avlaup	4,55
Brannvern	0,57
Forvaltning	5,8
Totalt	30,42

*Årsverka er fordelt på 49 tilsette

Nye tiltak/budsjettendringar

Endring frå budsjett 2026	2027	2028	2029	2030
Reduksjon driftsutgifter	-1 854	- 1 854	-1 854	-1 854
Reduksjon driftsoperatør VA	-400	-800	-800	-800
Reduksjon drift ute/vaktmeister	-750	-750	-750	-750
Vakant juriststilling	-750	-750	-750	-750
Auka gebyr slamtømming	-140	-140	-140	-140
Auka gebyr feiing	-330	-330	-330	-330
Auka gebyr vatn Eidfjord	-615	-597	-609	-559
Auka gebyr avlaup Eidfjord	-437	-545	-533	-272
Auka gebyr vatn Sysendalen	-1 488	-1 528	-1 360	-913
Auka gebyr avlaup Sysendalen	-5 928	-11 010	-10 263	-9 403

Tabellen viser oversikt over budsjettendringar

Reduksjon av driftsutgifter er knytt opp til kutt i tenester og auka betaling på kommunale tenester. Det har i prosessen med å få 10% netto driftsresultat vore spelt inn fleire tiltak på einingа. Som tiltak for å auka inntektene kan nemnast:

- Alle må betala for kommunalt areal dei disponerer. Alle avtalar bør gjennomgåast og harmoniserast med vilkår og betaling.
- Betaling for offentleg toalett i Eidfjord sentrum
- Betaling for unødige utrykningar i brannvesenet og auka brukarbetaling av RVR (rest verdi redning) oppdrag
- Leiga av areal til ladestasjon til Eviny i sentrum
- Auka gebyrinntekter nærmare sjølvkost på fag knytt til forvaltning

Eksempel på oppgåver som takast bort eller reduserast i omfang.

- Nedlegging av toalett på Hjølmaberget og «Byen»
- Viss det skal vera informasjonsmedarbeidar på Tinnhølen i sommarsesongen må omfanget avklarast og ordninga finansierast
- Redusera lengda på brøytevakt
- Noko redusert frekvens på reinhald enkelte plassar
- Helgevakta i brannvesenet får kortare varigheit

I tillegg må me gå gjennom dei innkjøpsordningane me har i dag for å redusera utgiftsnivået. Me meinar det ligg eit potensial for å kutta kostnadar knytt til nokre av vare- og tenestekjøpa

kommunen gjer. Gjennom betre avtalar, prioriteringar og innkjøpsrutinar kan me oppnå meir kostnadseffektive innkjøp utan at det går ut over tenestetilbodet.

Det er sett opp innsparing av stillingar i budsjettet. Det er sett opp reduksjon i ein og ein halv stilling knytt til eininga.

- Juriststillinga vart ikkje erstatta då vedkomande som hadde denne stillinga slutta i Eidfjord kommune.
- Reduksjon av stilling knytt til VA og driftsdelen er avhengig av at nokon sluttar/pensjonerer seg eller går ned i redusert stilling.

Me har mange tilsette som nærmar seg pensjonsalder. Dei fleste av desse ynskjer i ulik grad å gå i redusert stillingsstorleik. Dei som skal erstatta desse stillingane, vil normalt sett ha full stilling. Dette gjer det utfordrande å få erstatta personell og få ei god kunnskapsoverføring. Det er mange som har frivillig gått ned i stilling i 2026. Me trur at dette òg vil vera gjeldande for 2027. Me må sjå på tilgjengelege lønsmidlar for heile kommunaleininga for å vera i tråd med årsbudsjettet for 2027.

Budsjettendringane knyter seg mykje opp til auka innbetaling for tenestene. Spesielt for avlaup i Sysendalen viser det ein stor auke i gebyr som knyter seg til investeringa med nytt reinseanlegg i Sysendalen avgiftsområde. Dei andre tenestene syner òg auka gebyr som er i tråd med utgiftene med å driva tenestene. Tenester som skal drivast etter sjølvkostprinsippet, har årsgebyr i tråd med dette.

Oppgåver kommunalområdet

Budsjettet for kommunalområdet drift og forvaltning gjeld for tenesteområda kommunalteknisk drift av bygg og anlegg, reinhald, VA, brannvern og forvaltning.

Kommunalområdet driv med særs varierte oppgåver knytt til dagleg drift av eksisterande bygg og anlegg, nybygg, oppgraderingar, rehabilitering, planlegging og sakshandsaming knytt til forvaltning og myndigheitsoppgåver.

Investeringar og prosjektarbeid

Det vil òg vera fleire prosjekt i budsjettåret 2027 som drift og forvaltning skal arbeida med. Det gjeld både prosjekt som har vorte starta opp i 2026, og som ikkje er ferdigstilte, samt nye prosjekt i 2027. Nokre av prosjekta som kan nemnast, er:

- Byggjearbeida ved det nye reinseanlegget i Sysendalen vil i hovudsak vera ferdige i 2026. I 2027 skal anlegget setjast i drift. Det vil då følgja ein prøvedriftsperiode i samarbeid med leverandørane for å sikra stabil og korrekt drift, og for å kontrollera at alle funksjonar fungerer som føresett. Prosjektet har vore omfattande og har omfatta langt meir enn sjølve reinseanlegget. Det er òg gjort store investeringar i transportsystemet for å samla avlaupet frå heile Sysendalen til det nye anlegget. Arbeidet held fram i 2027 med ferdigstilling av fleire delprosjekt i Sysendalen. Dette gjeld både eksisterande reinseanlegg og delar av transportsystemet som er knytte til det nye reinseanlegget.

  Som del av prosjektet skal:

  - reinseanlegget på Isdøla rivast
  - Maurseth reinseanlegg byggjast om til pumpestasjon
  - det gamle reinseanlegget på Garen rivast og erstattast med ein ny pumpestasjon

- I Eidfjord sentrum er det fleire prosjekt under planlegging og gjennomføring. Nokre av prosjekta vart starta opp i 2026 og vil halda fram i 2027, medan andre er planlagde gjennomførte i løpet av 2027. Mellom prosjekta i sentrumsområdet er:
  - nytt toalett- og servicebygg ved torg- og sjøfrontområdet
  - auka straumkapasitet til bensinstasjonsbygget
  - utbygging av infrastruktur på Kjærøyna
  - tiltak knytte til Sjøbua
  - graving og framføring av straum til landstraumanlegget på cruisekaien

- Prosjektet med overflatevatn på Lægreid vart starta opp hausten 2026 og vil verta ferdigstilt i budsjettåret 2027. Dette er eit stort og omfattande arbeid som vil medføra både kryssing av RV7 og påverknad på areal oppe på Lægreidsflata.
- Lund bru i Øvre Eidfjord vert lyst ut for gjennomføring i 2027. Oppgradering av brua er naudsynt, men vil medføra ulemper for brukarane av brua i anleggsperioden.
- Oppstarten av prosjektet med nytt høgdebasseng i Sysendalen er knytt til utbyggingsavtalen mellom Eidfjord kommune og Eidfjord Resort. Gjennomføringa av prosjektet er difor avhengig av framdrifta til den private utbyggjaren og vil skje i tråd med føresetnadene i utbyggingsavtalen. Høgdebassenget er planlagt plassert i terrenget innanfor det regulerte området til Eidfjord Resort.

Fokuset gjennom budsjettåret vil vera god og kostnadseffektiv drift av bygg og anlegg som kommunen har. Me har spelt inn til budsjettprosessen fleire ting som knyter seg til naudsynt oppgradering og vedlikehald. Med mange bygg og anlegg er det behov for tilstrekkeleg avsetjing til vedlikehald og oppgradering. Me vil òg i budsjettåret freista å innføra betaling for offentleg toalett. Dette gjeld både i dagens offentlege toalett i kulturdelen på hotellet og i det nye offentlege toalettet som vert lokalisert på torget og sjøfronten. Det vert òg innført betaling med skiltgjenkjenning på Tinnhølvegen i 2027. Det er enno usikkert korleis dette vil slå ut økonomisk. Inntektene frå Tinnhølvegen er i stor grad avhengige av trafikkgrunnlaget på vegen, og vil difor variera med trafikkmengda..

Park og grønt

Det er mange grøntområde som skal skjøttast gjennom sesongen. Det er ressurskrevjande å halda parkar og grøntområde slik som det er forventa. For å tetta gapet mellom løyvingar og forventningar til tenesta har me dei siste åra montert fleire robotklypparar på kommunale areal. Me meiner at me må montera fleire av desse òg i 2027. Prioritert for utskifting i 2027 vert den som er på idrettsbanen. Roboten som er der i dag, har vore der i mange år. I 2026-sesongen har det vore særs mange driftsproblem med klipparen, og den er moden for utskifting. Det vert leigd inn nokre gartnarressursar i sommarhalvåret i tillegg til eigne tilsette i 2027, slik som tidlegare år.

Anlegg

Utgiftene til drifta av vegar er delvis avhengige av vêr og ekstremvêrhendingar. I budsjettåret vil det verta lagt opp til vanleg drift og vedlikehald av kommunale vegar. Ekstraordinære hendingar eller behov vil verta handterte dersom dei oppstår. Det er fleire av dei kommunale vegane med asfalt som er modne for reasfaltering. Det er ikkje lagt opp til ekstra løyvingar til asfalt i budsjettet. Det vil difor berre verta asfaltert mindre areal der det er naudsynt.

Disponering av personell

Me må vurdera justering av korleis nokre av tenestene vert organiserte. Ved erstatning av personell må me vurdera kvar den enkelte tilsette kan gjera best jobb, og kva som gjev den beste ressursutnyttinga. Det er ikkje planar om omorganisering på kommunalområdet i budsjettåret.

Tenesteområde Drift

Drift har ansvar for

- kommunale bygg og vegar og parkeringsplassar
- kommunale eigedomar
- vaktmeisterteneste på dei ulike bygningane i kommunal eige
- kommunale fellesareal, grøntområde, parkar, leikeplassar og badeplassar
- bostømming på kommunale areal i heile kommunen
- oppfylging av prosjekt, både i driftsbudsjettet og i investeringsbudsjettet

Det er fyrste året det har vore utleigde plassar på torget og sjøfronten etter byggetrinn 1, som vart ferdigstilt i 2025. Området er mykje i bruk av ulike brukargrupper, og det har vorte sett ut benkar i området. Det skal i budsjettåret byggjast toalettanlegg kombinert med servicebygg på området. Me trur at dette vil ytterlegare styrka området sin bruksfunksjon.

Me vil i 2027 freista å få til ny og betre organisering av ladestasjonen som vert driven av Eviny i sentrum. Me ser at det ikkje er optimalt organisert i dag. Me ynskjer òg ein avtale med Eviny slik at dei må betala for bruk av området.

På det kommunale vegnettet er det Hereidsvegen og Kvamsvegen me ser for oss arbeid på i 2027. Arbeidet med sikring og utvasking i Hereidsvegen må fortsetja, i tillegg til skifting av noko rekkverk på Kvamsvegen.

Tenesteområde Reinhald

Reinhald har ansvar for:

- reinhald i kommunale bygningar
- oppfylging av reinhald av offentlege toalett

Innleige av reinhaldstenester for dei offentlege toaletta vil halda fram i 2027. Dette er ei organisering som har vore nytta i fleire år, og som me meiner fungerer godt.

Me meiner at det offentlege toalettet på Hjølmavegen bør leggjast ned. Toalettet ligg ikkje ved vegenden, slik det opphavleg var tenkt, og me vurderer at dagens plassering kan bidra til auka trafikk og meir uønskt campingverksemd i området.
Det er difor lagt opp til at toalettet på Hjølmavegen vert fjerna.

Når det vert etablert offentlege toalett ved kulturdelen på hotellet, i torg- og sjøfrontområdet og på Kjærøyna, ser me føre oss at toalettbrakka ved bensinstasjonsbygget kan avviklast permanent.

Reinhald av dei kommunale tenestebygga vert utført i eigen regi i 2027, slik som tidlegare år. Reinhaldsavdelinga har eit avgrensa tal tilsette og er sårbar ved sjukefråvær og anna fråvær. Det har òg til tider vore utfordrande å skaffa vikarar.

Dersom avdelinga ikkje har kapasitet til å gjennomføra alt reinhaldet i eigen regi, kan det vera naudsynt å leiga inn private reinhaldstenester i kortare periodar for å sikra forsvarleg drift og reinhald av bygga.

Tenesteområde Vatn og avlaup

Vatn og avlaup har ansvar for

- drift og vedlikehald av vassverk og distribusjon av drikkevatn
- drift og vedlikehald av avlaupsreinseanlegg, pumpestasjonar og leidningsnett for avlaup
- handtering av overflatevatn
- beredskap knytt til distribusjon av nødvatn

2027 vil vera prega av prøvedrift av det nye reinseanlegget i Sysendalen. Det er eit komplisert anlegg som skal driftast på ein god måte. Me har ikkje nokon samanliknbare anlegg i Eidfjord kommune i dag. Det vil verta utfordrande både teknisk og kompetansemessig å få anlegget til å virka på ein god måte. Opplæring og drift av det nye anlegget kjem i tillegg til alle dei andre oppgåvene på fagfeltet. Anlegga i Sysendalen er generelt av nyare dato.

I resten av kommunen har me kome inn i reparasjonsalderen. Me trur at det vil verta meir vedlikehald på VA-nettet i åra som kjem. Det vert òg sett strengare krav til sikkerheit knytt til vass- og avlaupsanlegg. Det skal vera tilsyn frå Mattilsynet på dette området seint i 2026 eller i starten av 2027. Me reknar med at me får strengare krav enn det me har i dag. Det er lagt inn i budsjettet ein sum for oppgradering av sikkerheita rundt VA-anlegga.

Det vil verta innført ny gebyrforskrift i 2027. Det vil i denne forskrifta vera anna praksis for berekning av gebyr for næringskundar, ved bruk av vassmålar. Ved innføring av ny gebyrforskrift vil dei fleste eigedomar få ein justert pris i forhold til i dag. Innføring av ny gebyrforskrift vil nok vera krevande ressursmessig i 2027.

Me ser for oss at me skal få utgifter knytt til slamhandtering ytterlegare ned ved igangsetting av nytt reinseanlegg i Sysendalen. Det er knytt usikkerheit til enkelte driftskostnadar ved det

nye reinseanlegget. Dette gjeld særleg utgifter til straum og kjemikaliar, der dei framtidige kostnadane enno er usikre.

Tenesteområde Brannvern

Eidfjord brannvern har ansvar for

- brann- og redningsarbeidet innan eigen kommune og bistand til nabobrannvesen
- feiing, tilsyn og førebyggjande arbeid for branntryggleiken

Eidfjord kommune kjøper brannsjefstenester, tilsynstenester og førebyggjande brannvernarbeid frå Voss brannvern. Dette er eit tenestekjøp som har vore gjennomført sidan kommunesamanslåinga mellom Voss og Granvin.

Feietenestene vert kjøpte frå Vestnorske Feietenester AS. Ordninga sikrar at kommunen oppfyller lovpålagde oppgåver innan brannvern, tilsyn og feiing.

Etter fleire år med planlegging skal oppgraderinga av Lærdalstunnelen starta opp seinhausten 2026. Arbeidet vil gå føre seg over fleire år og vil føra til auka trafikk på riksveg 7 gjennom Eidfjord.

Me reknar med at den auka trafikkmengda vil føra til fleire hendingar som brannvernet må rykkja ut til. Det er likevel ikkje mogeleg å seia noko sikkert om omfanget av dette.

Brannvernet har fokus på å vera best mogeleg førebudd gjennom trening, øving og kompetanseheving for å handtera dei utfordringane den auka trafikken kan medføra.

Tenesteområde Forvaltning

Forvaltning har ansvar for:

- plan, byggjesak, landbruksforvaltning, miljø og forureining, kart og oppmåling, matrikkelføring, vilt- og fiskeforvaltning
- 20 % stilling knytt til landbruk vert kjøpt frå Ulvik herad.
- Eidfjord kommune har selt tenester knytt til oppmåling i 2026. Me ser for oss at dette òg vil vera tilfelle i 2027, utan at omfanget av dette er bestemt.

Plan

Kommuneplanen sin arealdel er framleis under rullering. Før den kan vedtakast, må arealbruken på fjellet avklarast. Mest truleg vil arbeidet halda fram i heile 2027.

Andre pågåande planar i kommunal regi vil vera trafikksikringsplan og besøksforvaltningsplan. Sti- og løypeplanen samt tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde vil òg vera planar det vert arbeidd med.

Det er tiltak 40 og 41 som me har mest fokus på i tiltaksplanen. I begge desse tiltaka har Eidfjord kommune hovudansvar i samråd med grunneigarar.

Tiltak 40 er «Regulere tilkomst på og bruk av Tinnhølvegen for allmenta», og tiltak 41 er «Vurdere å regulere tilkomst på og bruk av vegen til Hjølmoberget for allmenta». Me har

forslag til budsjett om at det vert etablert betalingsløysing med skiltgjenkjenning på både Tinnhølvegen og Hjølmovegen.

Me ser for oss at det er på Tinnhølvegen det vert innført fyrst og på Hjølmavegen etterpå. På Tinnhølvegen er det både reguleringsplan og lokal forskrift. Dette er ikkje tilfelle for Hjølmavegen. Innføring av ei slik ordning vil truleg krevja ein del arbeid, både teknisk og organisatorisk, før ho kan takast i bruk.

Det er fleire private reguleringsplanar under arbeid, om lag på same nivå som tidlegare år. Planane er komne ulikt langt i prosessen. Dei fleste gjeld utvikling av hytteområde eller veganlegg.

Me reknar òg med at det kan koma planarbeid knytt til næringsetablering i Simadal i løpet av 2027.

Byggesak

Me er ikkje sikre på korleis oppheving av tilknytingsstopp til avlaup i Sysendalen avgiftsområde vil slå ut på arbeidsmengda på byggesak. Det er naturleg å rekna med eit større saksomfang enn tidlegare. Me vil i budsjettåret tilstreba at alle saker vert behandla innanfor sakshandsamingsfristane. Me vil òg i budsjettåret freista å finna betre digitale løysingar for byggesak. Det er stor utvikling knytt til meir integrerte IT-system for digital behandling av saker. Her går utviklinga fort, og me må vera med på den teknologiske utviklinga.

Generelt

Det har i 2026 vore arbeidd med heving av matrikkelen. Dette arbeidet vil fortsetja òg i 2027 så langt me har kapasitet til dette. Det er vorte oppdaga at det er ein del feil og uriktige opplysningar i matrikkelen frå før. Oppryddinga fører til at bygningar vert førte korrekt, og at det vert berekna korrekte gebyr for kommunale gebyr og avgifter.

Me vil i 2027 òg driva med ulovlegheitsoppfylgjing så langt det er kapasitet til dette. Arbeid på dette området er svært arbeidskrevjande og tek mykje tid på kvar sak. Det er òg vanlegvis fleire fagfelt involverte. Me kjem i 2027 til å prioritera dei sakene som vert melde inn til kommunen, samt dei som vert prioriterte internt. Dei som vert prioriterte internt, er dei som kan gå på personsikkerheit eller miljø.

Forvaltningsavdelinga har ikkje lenger eigen jurist, då stillinga ikkje vart erstatta etter at ho vart ledig. Dette er merkbart i det daglege arbeidet, og det vil vera naudsynt å kjøpa juridisk kompetanse i enkelte saker og innan enkelte fagområde gjennom året.

Sjølv om avdelinga ikkje lenger har lønskostnadar knytte til juriststillinga, vil det framleis vera utgifter til kjøp av juridiske tenester ved behov.

7.5 Helse og omsorg

Budsjett

Tekst	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
01-09 Lønsutgifter inkl trygd og avgift	*55 334*	56 401	57 512	58 948	60 384
10-29 Varer/tenester som inngår i komm. eigenprod	*6 621*	6 321	6 321	6 321	6 321
30-39 Tenester spm erstattar komm. eigenproduksjon	*9 364*	13 864	13 864	13 864	13 864
40-49 Overføringsutgifter	*1 577*	1 577	1 577	1 577	1 577
50-59 Finansieringsutgifter	*15*	15	15	15	15
60-69 Salgs- og leigeinntekter	*-4 003*	-4 003	-4 003	-4 003	-4 003
70-79 Refusjonar	*-3 399*	-5 449	-5 449	-5 449	-5 449
	65 509	68 726	69 837	71 273	72 709

Årsverk

	Årsverk
Kommunalsjef	1
Helse	10,6
Sosial	1,5
Pleie og omsorg	39,6
Totalt	**52,3**

Nye tiltak / budsjettendringar

I tusen kroner	2027	2028	2029	2030
Reduksjon aktivitetsavdeling bygdaheimen	-325	-650	-650	-650
ALIS tilskot	-300	-300	-300	-300
Reduksjon driftskostnadar	-300	-300	-300	-300
Auka budsjett kjøp tenester av private	4 500	4 500	4 500	4 500
Statleg tilskot til kjøp tenester av private	- 1 500	-1 500	-1 500	-1 500

Helse og omsorg

Kommunalområdet helse og omsorg omfattar helsetenester, pleie og omsorg, NAV sosial med barnevern og flyktningtenesta. Samla utgjer dette den største delen av kommunen sitt driftsbudsjett og årsverk. Det er særleg fokus på å sikra berekraftig drift, rekruttering og kompetanse, samt å tilpassa tenestene til framtidige krav og prioriteringar. Helse- og omsorgstenestene står overfor aukande utfordringar i åra framover. Fleire eldre, større kompleksitet i brukarane sine behov og utfordringar knytt til rekruttering av fagpersonell vil leggja press på tenestene. Samstundes må kommunen tilpassa drifta til strammare økonomiske rammer. Dette krev tydelege prioriteringar for å sikra forsvarlege tenester og god ressursutnytting. Enkelte førebyggjande tiltak og aktivitetstilbod vert reduserte i planperioden, og det vert viktig å følgja utviklinga nøye for å vurdera konsekvensane for innbyggjarane sitt tenestebehov.

Overordna mål

6.2.6 Innbyggjarane skal få nødvendige, forsvarlege og samordna tenester, med vekt på medverknad og meistring.
6.2.7 Kommunalområdet skal rekruttera og behalda kompetente medarbeidarar gjennom attraktive stillingar, eit godt arbeidsmiljø og fagleg utvikling.
6.2.8 Tenestene skal utviklast innanfor vedtekne økonomiske rammer, med tydelege prioriteringar og systematisk oppfølging av kvalitet og ressursbruk.

Oppsummering av tiltak og endringar i budsjett 2027

Helse og omsorg har gjennom 2026 arbeidd med organisering, oppgåvefordeling og ressursbruk som del av kommunen sitt samla arbeid med å redusera driftsutgiftene. Målet er å tilpassa tenestene til dei økonomiske rammene og framtidige behov, samstundes som kommunen sikrar nødvendige og forsvarlege tenester. Arbeidet omfattar både organisatoriske endringar, tilpassing av bemanning og tenestetilbod og betre utnytting av tilgjengeleg kompetanse.

Arbeidet med ny leiarstruktur har vore eit hovudområde i omstillingsprosessen i 2026. I tråd med vedtaket i administrasjonsutvalet skal den nye strukturen innarbeidast i 2027. Tydelegare fordeling av personalansvar, fagoppgåver og administrative funksjonar skal leggja til rette for betre styring og samordning av tenestene.

Omorganiseringa gjev ikkje nødvendigvis ei direkte innsparing, men skal støtta arbeidet med økonomistyring, medarbeidaroppfølging og tenesteutvikling. Gjennomføringa skal skje i samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta, og organiseringa skal evaluerast undervegs.

Kommunalområdet har vidare vurdert tenestetilbod, bemanning, førebyggande arbeid og kjøp av tenester opp mot framtidige behov. Arbeidet har teke utgangspunkt i utviklingstrekk som fleire eldre innbyggjarar, meir samansette hjelpebehov, aukande krav til kommunale helse- og omsorgstenester og utfordringar knytt til tilgang på helsepersonell. Samstundes har det vore viktig å leggja til rette for at ressursane vert nytta best mogleg innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til rådvelde.

Kommunalområdet skal vidareføra arbeidet med integrert drift, heiltidskultur og bemanningsplanlegging. Kompetansen skal nyttast på tvers av tenestene der dette er

føremålstenleg. God planlegging og tydeleg oppgåvefordeling skal bidra til kontinuitet og redusera behovet for overtid, vikarar og innleige.

Som del av budsjettarbeidet er det føreslått enkelte konkrete tiltak. Ved aktivitetsavdelinga vert ei stilling ikkje erstatta ved naturleg avgang. Dette reduserer omfanget av aktivitetstilbodet, men kommunen vil framleis prioritera dei lovpålagde dagaktivitetstilboda til personar med demens. Aktivitetstilbodet må likevel organiserast på ein annan måte og i mindre omfang enn i dag.

Det er vidare lagt inn eit generelt nedtak i driftskostnadar på 300 000 kroner. Dette er ein del av kommunen sitt samla arbeid med å redusera driftsnivået og må løysast gjennom prioriteringar og effektivisering innanfor kommunalområdet.

I løpet av prosjektperioden har kommunen hatt eit særskilt lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus for barn og unge finansiert gjennom statlege tilskot. Budsjettet for 2027 legg til grunn at denne tilskotsfinansierte ressursen ikkje vert vidareført når tilskotsperioden er avslutta. Oppfølging av barn og unge må då skje innanfor dei ordinære tenestene og i samarbeid mellom helse, oppvekst og andre aktuelle fagmiljø. Arbeidet med tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og vidare implementering av BTI vert difor endå viktigare i åra framover.

Budsjettet inneheld samstundes ein betydeleg auke i kjøp av tenester frå private aktørar. Dette heng saman med individuelle hjelpebehov og lovpålagde tenester som kommunen må sørgja for. For små kommunar vil slike behov kunna gje store økonomiske utslag frå eitt år til eit anna. Arbeidet med å vurdera framtidige løysingar og organisering av slike tenester vil halda fram i planperioden.

Helse og omsorg står framfor betydelege omstillingsbehov i åra som kjem. Arbeidet i 2027 handlar difor ikkje berre om innsparingar, men om å tilpassa organisasjon, arbeidsmåtar og ressursbruk slik at kommunen også i framtida kan tilby gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Omstillinga skal skje i samarbeid med tillitsvalde, vernetenesta og medarbeidarane, og med mål om å utvikla eit berekraftig tenestetilbod som gjev innbyggjarane i Eidfjord nødvendige tenester innanfor dei ressursane kommunen har til rådvelde.

I planperioden vil kommunen vurdera nye område for interkommunalt samarbeid og vidareføra eksisterande samarbeid om:

Kommuneoverlege

- Legevakt på kveld, natt, helg og heilagdagar.
- Jordmorteneste.
- Senger for augeblikkeleg hjelp.
- Kommunepsykolog.
- Barnevern.
- Friskliv og meistring.
- Klinisk ernæringsfysiolog.
- Miljøretta helsevern.

Strategiske utfordringar

- Tilpassa tenestene til fleire eldre og meir samansette hjelpebehov

- Rekruttera og behalda tilstrekkeleg personell og nødvendig fagkompetanse
- Sikra forsvarlege tenester innanfor strammare økonomiske rammer
- Balanse mellom kortsiktige innsparingar og langsiktige behov for førebygging, tidleg innsats og rehabilitering
- Handtera konsekvensane av at tilskotsfinansierte tilbod fell bort, særleg innan psykisk helse og rus for barn og unge
- Utvikla arbeidsformer og ta i bruk digitale løysingar med nødvendig opplæring og oppfølging
- Sikra kapasitet til leiing, kvalitetsarbeid og gjennomføring av omstilling
- Stort omstillingsbehov innan helsesektoren og samfunnet generelt, jf. Helsepersonellkommisjonen og komande helsereform
- Avgrensa forskingsgrunnlag innan helse- og omsorgstenester

Tenesteområde Helse

Informasjon om Helsetenesta

Helsetenesta i Eidfjord kommune omfattar førebyggjande arbeid og behandling. Tenestene skal driva framtidsretta helsetenester som er samanhengande, tilgjengelege og førebyggjande.

Tenesta dekkjer:

- Legetenesta
- Psykisk helse og rus
- Helsestasjon- og skulehelsetenesta
- Barnekoordinator/BTI
- Jordmorteneste
- Fysioterapi
- Kreftsjukepleiar
- Diabetessjukepleiar

Legetenesta

Legekontoret i Eidfjord har som hovudoppgåve å tilby medisinsk behandling, rådgjeving og oppfølging til pasientar og pårørande. Legekontoret tek imot både planlagde og akutte førespurnadar. Ved behov vert pasientar viste vidare til spesialisthelsetenesta eller andre helse- og omsorgstenester for vidare utgreiing og behandling.

Legetenesta samarbeider tett med andre tenester i kommunen, mellom anna Bygdaheimen, heimetenesta, fysioterapi og psykisk helse og rus. Legekontoret har òg ei viktig rolle i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet gjennom vaksinering, helseundersøkingar, livsstilsrettleiing og oppfølging av personar med kroniske sjukdomar.

Legetenesta følgjer opp mange eldre og pasientar med fleire samtidige sjukdomar. Dette krev meir tid til konsultasjonar, koordinering og oppfølging. Sjølv om Eidfjord har i underkant av 1 000 innbyggjarar, fører det store talet på turistar til auka pågang på daglegevakta, særleg i turistsesongen. Belastninga på legetenesta må difor vurderast ut frå både innbyggjarane sine behov og omfanget av tilreisande.

Legetenesta i Eidfjord er organisert med fire legestillingar fordelt på kommuneoverlege, kommunelege II, fastlege og LIS1 (lege i spesialisering del 1). Kommuneoverlegen har eit overordna medisinskfagleg ansvar og skal bidra til å sikra at innbyggjarane har tilgang til forsvarlege helse- og omsorgstenester. Oppgåvene omfattar mellom anna samfunnsmedisin, folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern, beredskap og rådgjeving til kommunen si politiske og administrative leiing. Kommuneoverlegen deltek òg i utvikling av planar, kvalitetsarbeid og samarbeid på tvers av tenester og forvaltningsnivå.

Stillinga er fordelt på 70 prosent samfunnsmedisinske og administrative oppgåver som kommuneoverlege, 20 prosent klinisk arbeid og 10 prosent rettleiing. Kommuneoverlegefunksjonen på 70 prosent er delt likt mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad. Ulvik kjøper tenester tilsvarande 35 prosent av ei heil stilling gjennom vertskommunesamarbeidet.

Helsepersonell på legekontoret

Frå september 2023 har legekontoret i Eidfjord hatt tre sjukepleiarar i 100 prosent stilling. Sjukepleiarane har ei sentral rolle i den daglege drifta av legekontoret og bidreg til å sikra tilgjengelege og forsvarlege helsetenester til innbyggjarane.

Arbeidsoppgåvene omfattar mellom anna laboratoriearbeid, sårbehandling, oppfølging av pasientar med kroniske sjukdomar som KOLS, vaksinering, pasientrettleiing, telefonrådgjeving og assistanse til legane. Sjukepleiarane har òg ansvar for ei rekkje administrative oppgåver, mellom anna koordinering av vaksinasjonsprogram, ressursstyring, internkontroll og kvalitetsarbeid.

Utviklinga i helsetenestene fører til at fleire pasientar vert følgde opp i kommunehelsetenesta. Dette aukar behovet for sjukepleiarfagleg kompetanse og gjer helsepersonellet ved legekontoret til ein viktig ressurs både i det førebyggjande arbeidet og i oppfølginga av pasientar med samansette helseutfordringar.

Psykisk helse og rusteneste

Gode førebyggjande tenester, tidleg innsats og lett tilgjengeleg hjelp skal bidra til betre psykisk helse, meistring og redusert behov for meir omfattande tenester. Eidfjord kommune kjøper kommunepsykologteneste frå Voss herad. Kommunepsykologen bidreg med lågterskeltilbod, fagleg rettleiing og kompetanseutvikling innan psykisk helsearbeid.

Kommunen har ei stilling på 50 prosent som sjukepleiar innan psykisk helse og rus for vaksne over 18 år. Tilbodet omfattar støttesamtalar, rettleiing og oppfølging av personar med psykiske helseutfordringar, rusmiddelrelaterte problem og samansette behov. Arbeidet skjer i samarbeid med pårørande, andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta. Stillinga omfattar òg oppfølging av pasientar i institusjon, deltaking i psykososialt kriseteam og oppgåver innan planarbeid og fagutvikling.

Me har tilskot frå Helsedirektoratet til å etablera og utvikla eit kunnskapsbasert lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus for barn og unge. Med tilskotet har kommunen etablert eit særskilt lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus for barn og unge, med ein stillingsressurs på 50 prosent. Tilbodet har omfatta faste dagar ved skulen, direkte kontakt utan tilvising, individuelle samtalar og støtte til familiar. Sjukepleiaren har òg delteke i BTI-arbeid og samarbeid med andre tenester.

Erfaringane frå prosjektperioden viser eit aukande behov for oppfølging og verdien av lett tilgjengeleg hjelp i nærmiljøet. Det er 40 % auke i bruk av lågterskeltilbodet frå 2024 til 2025. Ei stabil organisering av tenesta er difor viktig for å kunne oppretthalda eit godt lågterskeltilbod til innbyggjarane. Budsjettframlegget for 2027 inneber at stillingsressursen ikkje vert vidareført i kommunal drift. Det særskilde tilbodet til barn og unge fell dermed bort, og oppfølginga må skje gjennom dei ordinære tenestene. Den faste stillingsressursen på 50 prosent innan psykisk helse og rus er framleis retta mot vaksne.

Folkehelsearbeidet i kommunen har som mål å fremja helse, livskvalitet og meistring, samt førebyggja sjukdom og utanforskap i befolkninga. Førebyggingskoordinator er organisert under kultur, næring og berekraft.

Helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom

Eidfjord kommune har éi heil stilling som helsesjukepleiar. Helsestasjonen, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom skal fremja helse, trivsel og utvikling gjennom førebyggjande arbeid, tidleg innsats og oppfølging.

Helsesjukepleiar, lege og fysioterapeut bidreg i tenestene og samarbeider med jordmor, barnekoordinator, sjukepleiar psykisk helse og rus, barnehage og skule. Andre viktige samarbeidspartnarar er pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Helsesjukepleiar representerer kommunen i underutvalet for barn og unge.

Helsestasjonen følgjer opp barn frå fødsel til skulestart og deira føresette. Tilbodet omfattar helseundersøkingar, vaksinasjon og rettleiing om mellom anna kosthald, søvn og utvikling. Tenesta skal bidra til å oppdaga utfordringar tidleg og sikra at barn og familiar får nødvendig hjelp og oppfølging.

Skulehelsetenesta vidarefører oppfølginga gjennom skuleløpet og tilbyr helseundersøkingar, vaksinasjon og samtalar om fysisk og psykisk helse, livsstil, meistring og trivsel. Elevane kan ta kontakt på eige initiativ. Samarbeid med skulen, føresette og andre tenester skal bidra til tidleg og samordna oppfølging.

Helsestasjon for ungdom er eit gratis lågterskeltilbod for ungdom mellom 13 og 20 år. Ungdom kan ta direkte kontakt utan tilvising. Føremålet med helsestasjon for ungdom er å betra helsa og å auka helsekompetansen, slik at du vert i betre stand til å ivareta eiga helse.

Helsestasjonen har delteke i prosjektet Trygg i eigen kropp i Voss lokalsjukehusområde. Prosjektet skal styrkja førebygging, tidleg identifisering og tidleg oppfølging ved eteforstyrringar blant barn og unge.

Jordmor

Svangerskaps- og barselomsorg skal medverka til trygge svangerskap, fødslar og den første tida etter fødsel. Jordmor gjennomfører svangerskapskontrollar og samarbeider tett med helsesjukepleiar, sjukepleiar psykisk helse og rus, fastlege og spesialisthelsetenesta ved behov. Jordmor og helsesjukepleiar tilbyr heimebesøk til alle nyfødde og familiane deira.

Eidfjord kommune kjøper jordmortenester tilsvarande 10 prosent stilling frå Helse Bergen.

Barnekoordinator/BTI

Eidfjord kommune har ei samla stilling på 50 prosent som dekkjer barnekoordinator og implementering av Betre tverrfagleg innsats (BTI). Barnekoordinatoren skal støtta familiar med barn som har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne og behov for langvarige og koordinerte tenester. Arbeidet omfattar samordning av tenester, rettleiing og dialog mellom familien og tenesteapparatet. Målet er heilskapleg oppfølging, føreseielege tenester og mindre koordineringsarbeid for familiane.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er kommunen sin modell for tidleg innsats og samarbeid kring barn, unge og familiar der det er uro eller bekymring. Modellen skal bidra til at utfordringar vert fanga opp tidleg, at ansvar vert avklart, og at hjelpa vert samordna på tvers av tenester og fagområde.

Handlingsrettleiaren og Stafettloggen er sentrale verktøy for samhandling, brukarmedverknad, dokumentasjon og evaluering av tiltak. Barn, unge og føresette skal involverast i oppfølginga, og modellen skal bidra til å førebyggja brot i tenestene.

I 2027 skal kommunen prioritera vidare innføring og bruk av BTI gjennom opplæring, tydelege samarbeidsrutinar og avklaring av ansvar mellom tenestene. Arbeidet skal styrkja samhandlinga mellom helse, oppvekst og andre aktuelle tenester, slik at barn og familiar får rett hjelp til rett tid.

Fysioterapi

Fysioterapeutane i kommunen har som hovudoppgåve å tilby helsetenester og behandling til personar med muskel- og skjelettplager, nevrologiske lidingar og andre fysiske helseplager.

Fysioterapi har ei behandlande rolle, er aktiv i førebyggjande arbeid og arbeider med kvardagsrehabilitering. Vidare har fysioterapien ansvar for rutinemessig undersøking av spedbarn i lag med helsestasjonen. På Bygdaheimen har fysioterapien oppfølging av eit varierande tal pasientar. Fysioterapeut har vore Eidfjord kommune sin representant i underutval for rehabilitering. Frå 2027 er det ergoterapeut som representerer Eidfjord.

Terapibassenget og treningssalen som er lokaliserte i fysioterapiavdelinga, har stor pågang av brukarar.

Det er 160 % stilling til fysioterapi i Eidfjord kommune. Det er tilsett to fysioterapeutar i faste stillingar med statleg fastlønstilskot. Det er ikkje venteliste på fysioterapi i kommunen. Fysioterapi er ein sentral del av kommunen sitt arbeid med rehabilitering, førebygging og målet om at innbyggjarane skal kunne meistra eigen kvardag og bu heime lengst mogleg.

Kreftsjukepleiar

Kreftsjukepleiar har ei viktig rolle i å gje omsorg og rettleiing til personar som er ramma av kreft og deira pårørande. Arbeidet omfattar mellom anna opplæring til pasient og pårørande om kreft, behandlingsalternativ og eigenomsorg, koordinering av tenester, støttesamtalar, rådgjeving kring smertelindrande tiltak og palliativ omsorg. Kreftsjukepleiar samarbeider med fleire funksjonar internt i helse og omsorg og spesialisthelsetenesta og har ansvar for

pakkeforløp hjem for pasienter med kreft.

Diabetessjuepleiar

Diabetessjukepleiar har ei viktig rolle i å gje omsorg og rettleiing til personar med diabetes og deira pårørande. Dette omfattar mellom anna kontroll og oppfølging, rettleiing og rådgjeving innan medisinering, kosthald, fysisk aktivitet og førebygging av komplikasjonar. Diabetessjukepleiar samarbeider med fleire funksjonar internt i helse og omsorg og spesialisthelsetenesta.

Resultatmål 2027

	Resultatmål 2027	Målemetode
1	Leggje fram sak om framtidig løysing for helsehus	Politisk vedtak
2	Digitalisering Internkontroll medisinsk teknisk utstyr (MTU) Pasientens legemiddleliste PLL) Velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) Digitalt helsekort for gravide	Gjennomførte tiltak
3	Oppretthalde inntekter frå legekontoret gjennom takstsystemet	Månadlege rapportering
4	Oppretthalde inntekter frå fysioterapitenesta gjennom takstsystemet	Månadleg rapportering
5	Implementere KS kunnskap	Eigenrapportering
6	Vidareutvikle og implementere BTI-modellen i kommunen	Eigenrapportering
7	Sjukefråværet på eininga skal ikkje overstige 6%	Sjukefråvær statistikk
8	Alle 6 åringar skal få tilbod om skulestartundersøking med helsesjukepleiar, lege og fysioterapi innan oktober	Eigenrapportering
9	Sikre kort ventetid og tilgjenge til fysioterapitenesta	Ventelistestatistikk
10	Avklare ansvar og rutinar for oppfølging av barn og unge når det særskilde lågterskeltilbodet fell bort. Følgje konsekvensane for dei ordinære tenestene.	Dokumenterte samarbeidsrutinar og rapportering om pågang, ventetid og kapasitet.
11	Auke tverrfagleg samarbeid rundt barn og unge gjennom BTI	Tal stafettloggar/samarbeidssaker

Fokusområde

- Helsehus
- Leiing
- Kompetent og tilstrekkeleg personale i alle tenestene/funksjonar
- Psykisk helse og rus
- Rehabilitering og førebygging,
- Digitalisering og velferdsteknologi
- Samarbeid - Samskaping og samhandling

Helsehus

I 2024 vart det gjennomført eit forprosjekt for framtidig helsehus i Eidfjord. Prosjektet vurderte to alternativ: rehabilitering av eksisterande lokale i kommunehuset og etablering av nybygg. Arbeidet hadde brei involvering frå leiing og tilsette.

Analysen viser at rehabilitering av dagens lokale kan gje eit helsehus med minst like god funksjonalitet som nybygg. Rehabilitering har særleg høgare måloppnåing innan framdrift og gjennomføring, men òg innan økonomi og berekraft.

Det er ikkje funne rom for investeringa i gjeldande økonomiplan. Samstundes er det behov for ei avklaring av framtidig løysing for helsehuset for å kunne planleggja vidare utvikling av helse- og omsorgstenestene og framtidige investeringsbehov. Arbeidet med å avklara om framtidig løysing skal vera rehabilitering av eksisterande lokale eller nybygg, vil difor halda fram i planperioden.

Eidfjord kommune har i dag 10 omsorgsbustader knytte til Bygdaheimen og to nyoppussa bustader i Evjevegen 12 og 14. Dei seks eldre omsorgsbustadane i Brotkanten 9 er nedslitne og utdaterte. På sikt vil det vera behov for renovering, alternativt riving og nybygg.

I den vidare planlegginga vil det vera naturleg å sjå utvikling av omsorgsbustader, helsehus og bustader for menneske med nedsett funksjonsevne i samanheng. Erfaringar frå Bu trygt heime-reforma vil vera viktige i dette arbeidet.

Leiing

God leiing er ein viktig føresetnad for kvalitet, fagutvikling, medarbeidaroppfølging og berekraftig drift. Endringar i tenestebehov, krav til dokumentasjon, digitalisering og rekruttering stiller aukande krav til leiarfunksjonane.

I 2027 skal det arbeidast med å få på plass og innarbeida ny leiarstruktur i tråd med vedtaket i administrasjonsutvalet. Arbeidet skal sikra tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver, tilstrekkeleg leiarstøtte og god samhandling mellom leiing, fagressursar og tilsette.

Omstillinga skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Den nye strukturen skal leggja til rette for tett medarbeidaroppfølging, systematisk kvalitetsarbeid og god utnytting av den samla kompetansen. Organiseringa skal følgjast opp og evaluerast med vekt på leiarkapasitet, arbeidsmiljø, tenestekvalitet og ressursbruk.

Kompetent og tilstrekkeleg personale

Kompetente medarbeidarar er den viktigaste føresetnaden for å levera helse- og omsorgstenester av god kvalitet. For å rekruttera og behalda helsepersonell må kommunen tilby attraktive stillingar som det er mogleg å leva av, fagleg utvikling, rettleiing og moglegheiter for vidareutdanning og spesialisering.

Deltaking i kurs, nettverk og kompetansetiltak er viktig for å oppretthalda kvalitet og forsvarleg drift. Samstundes medfører dette behov for ressursar til reise, kurs og vikarbruk.

For fleire yrkesgrupper er det òg viktig å kunne tilby stillingar med eit omfang som gjer dei attraktive i arbeidsmarknaden. Små deltidsstillingar kan vera utfordrande å rekruttera til og kan gjera det vanskelegare å behalda fagkompetanse over tid. Kommunen må difor kontinuerleg vurdera organisering og samansetting av stillingar for å leggja til rette for stabile fagmiljø, heiltidskultur og berekraftig drift.

Utviklinga med fleire eldre, aukande tenestebehov og knappheit på kvalifisert arbeidskraft gjer rekruttering og stabilisering av fagpersonell til eit av dei viktigaste satsingsområda i planperioden.

Psykisk helse og rus

Psykisk helse og rus er eit viktig fokusområde i planperioden. Førebygging, tidleg innsats og lett tilgjengeleg hjelp skal bidra til meistring, livskvalitet og å førebyggja meir omfattande hjelpebehov. Erfaringane frå prosjektperioden viser eit aukande behov for oppfølging blant barn og unge og understrekar verdien av lågterskeltilbod i nærmiljøet.

Budsjettframlegget for 2027 inneber at den tilskotsfinansierte stillingsressursen på 50 prosent retta mot barn og unge ikkje vert vidareført i kommunal drift. Det særskilde lågterskeltilbodet innan psykisk helse og rus for barn og unge me har hatt sidan 2024, fell dermed bort. Kommunen går tilbake til situasjonen før tilskotet gjorde det mogleg å etablera tilbodet.

Barn og unge må då få oppfølging gjennom dei ordinære tenestene, mellom anna helsestasjonen, skulehelsetenesta og fastlegen. Desse tenestene får ikkje tilført tilsvarande ressursar. Bortfallet inneber mindre kapasitet til tidleg psykisk helsehjelp, individuelle samtalar og støtte til familiar, og kan auka presset på dei øvrige tenestene.

Samarbeid mellom helse og oppvekst og bruk av BTI vert viktig for å fanga opp behov og samordna hjelpa. Dette kan likevel ikkje erstatta tilbodet som fell bort. Den ordinære stillingsressursen på 50 prosent innan psykisk helse og rus er retta mot vaksne.

Konsekvensane for barn, unge og familiar og belastninga på andre tenester skal følgjast gjennom året og synleggjerast i den ordinære rapporteringa.

Rehabilitering og førebygging – «styrkje grunnmuren»

Rehabilitering og førebygging skal bidra til at innbyggjarane opprettheld funksjonsevne, sjølvstende og meistring. Tenestene skal leggja vekt på tidleg innsats, aktivitet og støtte til å meistra kvardagen.

I 2027 skal samarbeidet mellom fysioterapi, ergoterapi, legetenesta og pleie og omsorg støtta opp under dette arbeidet. Personar som kan ha nytte av kvardagsrehabilitering, skal vurderast for tilbodet. Kommunen nyttar òg rehabiliteringsopphald ved Bygdaheimen og interkommunalt samarbeid om friskliv og meistring.

Reduksjonar i førebyggjande ressursar kan føra til større behov for andre tenester. Konsekvensane må følgjast gjennom planperioden.

Digitalisering og velferdsteknologi

Digitalisering og velferdsteknologi har potensiale til å forbetra kvaliteten og effektiviteten i helse og omsorg, auka pasientsikkerheit, betra kommunikasjon og samarbeid og auka sjølvstende og meistring for brukarane. Det er viktig å investera i digitalisering og implementering av velferdsteknologi for å møta framtidige behov og utfordringar i tenesta.

I 2027 skal helsetenesta prioritera vidare bruk av innførte digitale løysingar og gjennomføring av prioriterte digitaliseringstiltak. Opplæring, tilpassing av arbeidsprosessar og tydeleg ansvar for systemforvaltning er nødvendige føresetnader.

Aktuelle tiltak omfattar digital internkontroll for medisinsk-teknisk utstyr og vidare arbeid med nasjonale e-helseløysingar. Framdrifta må tilpassast tilgjengelege ressursar og tekniske føresetnader.

Kostnadar til drift, opplæring, informasjonstryggleik og oppfølging må inngå i planlegginga. Oppgåvene krev kapasitet og kompetanse som må prioriterast innanfor vedtekne rammer.

Rapport-KS-kartlegging-av-kostnadar-for-e-helse.pdf viser til at driftskostnadar knytt til e-helse truleg vil doble seg innan 2050.

Samarbeid - Samskaping og samhandling

Ei berekraftig helseteneste er avhengig av godt samarbeid mellom ulike faggrupper, tenester og forvaltningsnivå. Gjennom samhandling kan kommunen nytta ressursane betre, styrkja kompetansen og sikra meir heilskaplege tenester til innbyggjarane.

Helse og omsorg vil prioritera samarbeid mellom eigne tenester og einingar i Eidfjord kommune, kommunar i lokalsjukehusområdet og Helsefellesskapet. Samarbeid er ein viktig føresetnad for å sikra kompetanse, god ressursutnytting og berekraftige tenester.

Internt samarbeid mellom helse og omsorg og oppvekst er særleg viktig for å styrkja det samla laget rundt barnet. Dette vert sentralt i arbeidet med å implementera Betre tverrfagleg innsats (BTI), der målet er tidleg identifisering av utfordringar og koordinert oppfølging. Utviklingsarbeid krev samarbeid på tvers av einingar, sektorar og fagområde.

Strategiske utfordringar

- Tilpassa helsetenestene til fleire eldre og fleire pasientar med samansette sjukdomar, samstundes som turistpågangen aukar belastninga på daglegevakta.
- Rekruttera og behalda nødvendig fagkompetanse og sikra kontinuitet i små og sårbare fagmiljø.

- Avklara framtidig løysing for helsehus og sikra eigna lokale og nødvendig utskifting av medisinsk-teknisk utstyr.
- Sikra oppfølging av barn og unge med psykiske helseutfordringar når det særskilde lågterskeltilbodet fell bort, utan tilsvarande styrking av dei ordinære tenestene.
- Balansera kortsiktige innsparingar mot risikoen for auka tenestebehov og meir omfattande hjelpetiltak på lengre sikt.
- Ta i bruk digitale løysingar og nye arbeidsformer med tilstrekkeleg kapasitet til opplæring, drift og oppfølging.
- Styrkja samhandlinga mellom helse, pleie og omsorg og oppvekst, og nytta interkommunalt samarbeid for å sikra kompetanse og heilskaplege tenester.
- Balansen mellom kortsiktige innsparingar og langsiktige behov for førebygging og rehabilitering.

Tenesteområde Sosial

Informasjon om Sosial

Nav sosial, flyktningtenesta og barnevernstenesta er tenesteområde som ligg innunder helse og omsorg i kommunen. Nav sosial og flyktningtenesta har kommunen eigne ressursar til. Barnevernstenesta kjøper me frå Hardanger Barnevern (Ullensvang kommune).

Tenesta skal sikra at alle brukarar får høve til eit verdig og aktivt liv, tilpassa kvar einskild sine evner og situasjon. Dette inneber å fremja økonomisk og sosial tryggleik, slik at den enkelte kan leva og bu sjølvstendig. Tenesta skal òg fremja overgang til arbeid, sosial integrering og aktiv deltaking i samfunnet. I tråd med FNs barnekonvensjon skal barnet sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn i sakshandsaminga.

NAV Sosial

Sosialtenesta er ein del av det lokale Nav-kontoret i Eidfjord kommune. Nav Eidfjord er etter avtale ein del av partnarskapet mellom Eidfjord kommune og Nav ved tenesteområde Voss/Hardanger. Sosialleiar har ansvar for kommunale tenester som er lagde til Nav. Sosialleiar hadde fram til februar 2025 ansvar for dei kommunale tenestene som er lagde til Nav. Nav sosial ynskjer å inngå eit vertskommunesamarbeid med Voss om dei sosiale tenestene i Nav. I påvente av utgreiing av vertskommunesamarbeid har Nav sosial i Eidfjord inngått eit midlertidig samarbeid med Nav Voss. Samarbeidet inneber at Nav Voss behandlar søknadar om økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgjeving for Eidfjord. Rådgjevar helse og omsorg har fått tildelt ansvar for dei andre oppgåvene som tidlegare låg til sosialleiar.

Innhaldet i tenesteområdet:

- Økonomisk stønad, gjeldsrådgjeving og lovpålagde oppgåver
- Kvalifiseringsprogrammet
- Introduksjonsprogrammet
- Rettleiing, hjelpetiltak og deltaking i oppfølging av brukarar innan legemiddelassistert rehabilitering (LAR)

- Ansvar for avlasting og omsorgsløn til foreldre med tyngjande omsorgsoppgåver samt ansvar for støttekontaktordning for barn og unge vaksne
- Oppfølging av søknadar og ansvar for rapportering for bustønad overfor Husbanken
- Sakshandsaming av kommunale startlån
- Oppfølging av søkjarar i transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga)
- Sakshandsaming og tildeling av parkeringsbevis og følgjekort (ledsagarbevis)
- Deltaking i ulike samhandlingsfora, t.d. oppvekstgruppa, psykososialt kriseteam og Nav-statlege samarbeidsfora

Vertskommunesamarbeid

Våren 2026 har det vorte utarbeidd ein rapport som grunnlag for å vurdera eit vertskommunesamarbeid for kommunane Vaksdal, Voss, Ulvik, Eidfjord og Kvam når det gjeld Nav-tenester. Saka skal opp til handsaming i kommunestyret hausten 2026.

I saka ber rådmann om at Eidfjord kommune sluttar seg til at kommunane går vidare med å utforma ein vertskommuneavtale. Når eit utkast til avtale ligg føre, vil det verta lagt fram ei ny sak der kommunestyret tek endeleg stilling til om kommunen skal slutta seg til vertskommuneavtalen. Det er ein føresetnad for vertskommunesamarbeidet at det vert oppretthalde ein desentralisert struktur der det vert levert like Nav-kontortenester i alle kommunane.

Flyktningtenesta

Flyktningtenesta har ansvar for mottak av flyktningar i Eidfjord. Flyktningkoordinatorane skal hjelpa og rettleia flyktningane som vert busette i kommunen. Flyktningtenesta skal planleggja og leggja til rette for det praktiske ved busetjing, og hjelpa flyktningane med å etablera seg i eigen bustad. Flyktningtenesta har ansvar for å planleggja, koordinera og gjennomføra introduksjonsprogrammet. Flyktningkoordinatorane skal følgja opp den einskilde programdeltakaren i introduksjonsprogrammet.

Overordna mål Flyktningtenesta skal sikra god busetjing og integrering i lokalsamfunnet. Målet med introduksjonsprogrammet er å styrkja flyktningane sine moglegheiter for deltaking i arbeid, utdanning og samfunnet elles. Integreringslova §§ 8 og 9 beskriv kven som har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet.

Situasjonen per i dag

Som ein konsekvens av krigen i Ukraina og den store tilstrøyminga av flyktningar til Noreg, valde Eidfjord kommune å tilsetja flyktningkoordinatorar, begge i 50 prosent stilling. Desse koordinatorane følgjer opp dei ukrainske flyktningane som kommunen har vedteke å busetja. Kommunen kan aktivt henta inn innleigde bustadar som står ledige med tanke på busetjing, men det vil medføra auka press på bustadsituasjonen for lokalt næringsliv. Bustadutfordringane må me løysa med blikk på den samla situasjonen i kommunen.

Barnevernstenesta

Barnevernstenesta i Eidfjord er underlagt avtale om vertskommunemodell og vert drifta av Hardanger barnevern, med hovudkontor i Odda.

Overordna mål

Barnevernet skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal dessutan bidra til trygge oppvekstkår for alle barn og unge.

Eit resultat av barnevernsreforma er at kommunane får eit auka økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar. Samstundes får me høgare eigendelar for statlege barnevernstiltak. Auken i økonomisk ansvar vil verta delvis kompensert gjennom heva rammetilskot til kommunen. Barnevernsreforma er ein oppvekstreform. Kommunane må utarbeida plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, og leggja til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå.

Økonomisk stønad

Sakshandsaminga vert utført i samsvar med sosialtenestelova, integreringslova og helse- og omsorgstenestelova. Nav Eidfjord nyttar kommunale rettleiande satsar som utgangspunkt for tildeling av stønadsbeløpet for økonomisk stønad, samt ein individuell og skjønnsmessig vurdering i kvar enkelt sak. Det skal vera fokus på barn i familiar som over lengre tid treng økonomisk stønad. Det vert aktivt nytta arbeidsmarknadstiltak for at brukarar ikkje skal vera passive mottakarar av økonomisk sosialhjelp.

For personar over 30 år vert det gjort individuelle vurderingar angåande aktivitetsplikt for mottak av økonomisk stønad. Stønad i form av livsopphald bør så lenge det er formålstenleg involvera aktivitetsplikt.

Kostnadar for busetjing av flyktningar vert godt kompensert av statstilskot frå busetjingsåret og dei fyrste åra. Dei langsiktige kostnadane for kommunen vil likevel vera avhengige av i kva grad flyktningane kjem over i arbeid. Om kommunen ikkje lukkast med overgang til arbeid, kan konsekvensen vera at mange må få økonomisk sosialhjelp i lang tid. Ein slik situasjon vil vera særs uheldig for alle partar.

Deltakarar i introduksjonsprogram har rett til introduksjonsstønad. Stønaden er meint som inntektssikring medan dei deltek i programmet. Stønaden svarer til to gonger grunnbeløpet til folketrygda. Sidan færre flyktningar vil koma til i 2026, er det ikkje forventa større endringar i denne posten.

Resultatmål 2027

	Resultatmål 2027	Målemetode
1	Ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Budsjettrapport og Budsjettkontroll
2	Leggje fram sak om framtidig løysing for helsehus	Formell avklaring
3	Sikre tilgjengelege tenester for innbyggaren.	Eigenrapport
4	Avklare organisatorisk struktur for dei sosiale tenestene i Eidfjord kommune.	Formell avklaring
5	Ingen ungdom i Eidfjord under 25 år skal vera utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet i meir enn 3 månader.	Eigenrapport
6	80 % måloppnåiing i introduksjonsprogrammet.	Rapportering
7	Ventetid for kommunal bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden skal ikkje overstige 3 månader.	Rapportering
9	Sjukefråværet i einingа skal ikkje overstige 6%	Eigenrapport

Fokusområde

Helsehus

Som omtala tidlegare så er helsehus like viktig for nav sosial og flyktningtenesta som resten av helseavdelinga.

Leiing

God leiing er ein viktig føresetnad for kvalitet, fagutvikling, medarbeidaroppfølging og berekraftig drift. Endringar i tenestebehov, krav til dokumentasjon, digitalisering og rekruttering stiller aukande krav til leiarfunksjonane.

I 2027 skal det arbeidast med å få på plass og innarbeida ny leiarstruktur i tråd med vedtaket i administrasjonsutvalet. Arbeidet skal sikra tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver, tilstrekkeleg leiarstøtte og god samhandling mellom leiing, fagressursar og tilsette.

Omstillinga skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Den nye strukturen skal leggja til rette for tett medarbeidaroppfølging, systematisk kvalitetsarbeid og god utnytting av den samla kompetansen. Organiseringa skal følgjast opp og evaluerast med vekt på leiarkapasitet, arbeidsmiljø, tenestekvalitet og ressursbruk.

Organisering av tenester ved omfattande og samansette behov

Kommunen har betydelege utgifter til kjøp av omsorgstenester frå private tilbydarar. I planperioden skal det arbeidast med å utvikla ei meir langsiktig, stabil og økonomisk berekraftig organisering av tenester til personar med omfattande og samansette behov.

Arbeidet skal omfatta vurdering av eigen tenestekapasitet, kompetanse, interkommunalt samarbeid og kjøp av tenester. Målet er å sikra kontinuitet, god kvalitet og føreseielege rammer for både kommunen og dei som får tenester, samstundes som ressursane vert nytta betre og kostnadane vert reduserte. Endringar skal byggja på individuelle behov, brukarmedverknad og kravet til forsvarlege tenester.

Utfordringar i tenesta

- Sikra at brukarar med samansette behov får tilpassa tenester på tvers av einingane
- Finna gode støttekontaktar og avlastingsheimar
- Aktivisera og sysselsetja dei som står utanfor arbeidslivet
- Finna føremålstenlege aktivitetar som vilkår for vedtak

Strategiske utfordringar

- Endring i demografi og berekraft
- Knappheit på ressursar og kompetanse
- Nye arbeidsformer ved bruk av digitale løysingar og teknologisk utvikling
- Omstillingsbehov
- Bustadmangel for å busetja flyktningar, men òg i høve til rekruttering

Tenesteområde Pleie og omsorg

Informasjon om pleie og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta i Eidfjord yter tenester til personar i alle aldersgrupper som har behov for omsorg, behandling, rehabilitering eller praktisk bistand. Dei største brukargruppene er eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Pleie og omsorg har ei total ramme på 39,6 årsverk. Tenesta er organisert som ei integrert teneste der pleiepersonell arbeider fleksibelt på tvers av Bygdaheimen og heimetenesta. Dette bidreg til betre ressursutnytting, auka kompetansedeling og meir robuste tenester.

Pleie- og omsorgstenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på beste effektive omsorgsnivå (BENO). Tenestene skal bidra til at den enkelte får høve til eit verdig, aktivt og mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne ressursar og behov. Pleie og omsorg administrerer og tildeler omsorgsbustadar (18 bueiningar), støttekontaktar og omsorgsstønad etter individuell vurdering og vedtak.

- Heildøgnstenester
- Rehabilitering
- Heimebaserte tenester
- Aktivitetsavdeling
- Kjøkken
- Vaskeri

- Ergoterapi
- Koordinerande eining

Heildøgnstenester

Bygdaheimen har 20 sjukeheimsplassar fordelt på tre avdelingar. Middagsnuten er tilrettelagd for personar med demens og har seks plassar. Øktarnuten og Onen er somatiske avdelingar med sju plassar kvar.

Avdelingane tilbyr langtidsopphald, korttidsopphald, rehabilitering, palliasjon, avlasting, dagopphald og nattopphald

Heimebaserte tenester

Heimebaserte tenester tilbyr naudsynt pleie og omsorg i heimen og omfattar mellom anna heimesjukepleie, heimehjelp, matombringing og tryggleiksalarmar. I heimetenesta ser me i aukande grad brukarar med samansette og komplekse sjukdomsbilete som krev høgare grad av sjukepleiarfagleg kompetanse og tettare oppfølging enn tidlegare. Utviklinga viser at fleire innbyggjarar med omfattande og samansette hjelpebehov bur heime lenger enn tidlegare. Dette stiller større krav til kompetanse, koordinering og medisinsk oppfølging i heimetenesta.

Aktivitetsavdelinga

Aktivitetsavdelinga tilbyr aktivitetar, sosiale møteplassar, måltid og fellesskap for bebuarar på Bygdaheimen og personar med vedtak om dagtilbod.

Tilbodet bidreg til sosial deltaking, meistring og å oppretthalda funksjonsevne, og er ein viktig del av kommunen sitt førebyggjande arbeid. Aktivitetar og møteplassar kan bidra til å redusera einsemd, passivitet og funksjonsfall, og dermed utsetja behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester.

I planperioden vert bemanninga ved aktivitetsavdelinga redusert ved naturleg avgang. Dette vil redusera omfanget av aktivitetstilbodet samanlikna med dagens nivå. Kommunen vil prioritera å oppretthalda det lovpålagde dagaktivitetstilbodet til personar med demens, men redusert bemanning vil medføra færre aktivitetsdagar og mindre kapasitet til sosiale arrangement og fellestiltak for både bebuarar og dagbrukarar.

Aktivitetsavdelinga er samtidig ein viktig del av kommunen sitt arbeid for at eldre skal kunne oppretthalda funksjonsevne, meistring og livskvalitet lengst mogleg. Redusert kapasitet i tilbodet kan på sikt påverka behovet for andre helse- og omsorgstenester.

Kjøkken

Kjøkkenet på Bygdaheimen produserer mat til bebuarane på Bygdaheimen og til dei som får mat bringa heim. Dei serverer middag til bebuarar og utebrukarar som et inne på Bygdaheimen.

Vaskeriet

Vaskeriet tek mellom anna hand om vask, vedlikehald og reparasjon av bebuarane sin klede samt uniformer og tekstilar som er i bruk på Bygdaheimen.

Ergoterapi

Formålet med ergoterapi er å leggja til rette for meiningsfull aktivitet og inkluderande omgivnader for at flest mogleg skal kunne oppleva deltaking og meistring. Ergoterapi er knytt til helsefremming, førebygging og rehabilitering. Ergoterapeuten bidreg til å utløysa ressursar hjå den enkelte, og spelar ei viktig rolle knytt til bufunksjon, folkehelse og aldring, og kan dermed redusera eller utsetja behovet for pleie- og omsorgstenester.

Funksjonen er viktig ved tildeling og oppfølging av hjelpemidlar, heimebesøk, individretta rettleiing, hukommelsesteam og bustadrådgjeving. Ergoterapi er eit viktig verkemiddel for at flest mogleg skal kunne bu trygt heime lengst mogleg.

Koordinerande eining

Koordinerande eining skal sikra samordning og koordinering av tenester til personar med langvarige og samansette behov. Funksjonen omfattar mellom anna individuell plan, koordinator og oppfølging av tenesteforløp. Koordinerande eining er i Eidfjord kommune sin Re-/habiliteringsplan definert som ein del av ergoterapeuten si stilling. Koordinerande eining er ei lovpålagd oppgåve.

: Lov om helse og omsorgstenester § 7-3 og Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Kvalitet/kompetanse.
Pleie og omsorg har ulike standardar å forhalda seg til som seier noko om kva tenestekvalitet som skal leverast jf. lover og forskrifter. Forskrift om Kvalitet i pleie og omsorgstenestene skal bidra til å sikra kvaliteten på pleie og omsorgstenester, medan Forskrift om internkontroll i sosial og helsetenestene skal bidra til fagleg forsvarlege tenester gjennom systematisk styring og kontinuerleg foreiningsarbeid.

Pleie og omsorg arbeidar kontinuerleg med kvalitetsforbetring i tenesta. Dette gjer me mellom anna ved å delta på pasientsikkerheitsprogram via Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) som er ei nasjonal satsing som skal bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene.

Når spesialisthelsetenesta melder om utskrivingsklare pasientar pliktar kommunen å ta imot dei. Pasientar som vert meldt utskrivingsklare har større og meir omfattande behov for spesialisert helsehjelp i kommunen. Dette aukar behov for spesialkompetanse hjå helsepersonell. Eidfjord kommune satsar på kompetansebygging og legg til rette for at tilsette skal kunne ta vidareutdanning og ulike ABC-kurs. Utviklinga i helse- og omsorgstenestene gjer at kommunen må handtere meir avansert behandling og oppfølging enn tidlegare. Dette aukar behovet for spesialisert kompetanse og kontinuerleg fagutvikling hos tilsette.

Pleie og omsorg deltek i:

VIPS praksismodell (VPM) er innført i demensavdelinga og vert vidareført i 2027. Modellen skal støtta personsentrert omsorg, der den enkelte sine behov, ressursar og livshistorie er utgangspunkt for oppfølginga.

Læringsnettverka om pårørandearbeid og innføring av pårørandeavtalen er avslutta. Erfaringane skal nyttast vidare for å styrkja dialog, informasjon og samarbeid med pårørande. Kommunen sine deltakarar vann prisen for beste postar i nettverket, ei positiv anerkjenning av arbeidet som er gjort.

Resultatmål 2027

	Resultatmål 2027	Målemetode
1	Majoriteten av dei faste tilsette har 80 % stilling eller meir og er kontinuitetsbærarar	Eigenrapportering
2	Redusere bruken av flyktig arbeidskraft/innleige med 5% frå 2026	Månadleg repportering
3	Implementere KSkunnskap	Eigenrapportering
4	Sjukefråværet skal ikkje overstige 6%	Sjukefråværsstatistikk
5	Digitalisering - internkontroll medisinsk teknisk utstyr (MTU) - pasientens legemiddleliste PLL) - implementere RoomMate	Gjennomførte tiltak
6	Sakshandsamingstida skal ikkje overstige 3 veker	Saksstatistikk
7	Fullføre omorganisering av leiarstrukturen i PLO	Eigenrapportering

Fokusområde

- Kompetent og tilstrekkeleg personale - rekruttering og heiltidskultur
- Leiing
- Digitalisering og velferdstekonologi
- Rehabilitering og førebygging
- Samskaping/samhandling.

Heiltidskultur – berekraftig drift, kvalitet, rekruttere og behalde.

Helse og omsorg skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt, og personalet er ryggrada i helse- og omsorgstenesta. Moglegheita til stor eller full stilling, godt arbeidsmiljø og fagleg utvikling er viktige både for å halda på erfaren arbeidskraft og for å rekruttera.

Rekruttering av tilstrekkeleg og kompetent helsepersonell er ein avgjerande faktor for å sikra helsetilbodet og kvaliteten på tenesta til innbyggjarane.

Dersom me skal imøtekoma etterspørselen etter helse- og omsorgstenester for eit aukande tal eldre utan endring og omstilling, vil det krevja at me held fram arbeidet med heiltidskultur. Deltidskultur er ei stor utfordring, mellom anna fordi det krev svært mange tilsette og gjev lite kontinuitet. Pleie og omsorg har jobba med ein endrings- og omstillingsprosess for å avklara tenestebehov og å dimensjonera bemanning til å dekkja behovet. I omstillingsarbeidet har me kartlagt omfang av deltid, kor mange som ynskjer høgare stillingsprosent, oppgåveløysing og bemanningsløysingar. Det har vore fokus på involvering og medverknad frå tillitsvalde, vernetenesta og alle tilsette i omstillingsprosessen.

For å behalda helsepersonell på lang sikt og oppretthalda kvalitet i tenesta er det òg viktig å tilby moglegheiter for kompetanseutvikling og opplæring. Dette kan vera deltaking i nettverk, kurs og konferansar. Mange av desse kan dei tilsette delta på via digitale løysingar, men ofte krevst både reising og innleige av vikar.

Leiing

God leiing er ein viktig føresetnad for kvalitet, fagutvikling, medarbeidaroppfølging og berekraftig drift. Endringar i tenestebehov, krav til dokumentasjon, digitalisering og rekruttering stiller aukande krav til leiarfunksjonane.

I 2027 skal det arbeidast med å få på plass og innarbeida ny leiarstruktur i tråd med vedtaket i administrasjonsutvalet. Arbeidet skal sikra tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver, tilstrekkeleg leiarstøtte og god samhandling mellom leiing, fagressursar og tilsette.

Omstillinga skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Den nye strukturen skal leggja til rette for tett medarbeidaroppfølging, systematisk kvalitetsarbeid og god utnytting av den samla kompetansen. Organiseringa skal følgjast opp og evaluerast med vekt på leiarkapasitet, arbeidsmiljø, tenestekvalitet og ressursbruk.

Digitalisering og velferdsteknologi

Digitalisering og velferdsteknologi har potensiale til å forbetra kvaliteten og effektiviteten i helse og omsorg, auka pasientsikkerheit, betra kommunikasjon og samarbeid og auka sjølvstende og meistring for brukarane. Det er viktig å investera i digitalisering og implementering av velferdsteknologi for å møta framtidige behov og utfordringar i tenesta.

For å sikra ei god implementering er det viktig å tilby opplæring og kompetanseutvikling til tilsette og brukarar av teknologien. Med auka bruk av digitale løysingar er det viktig å sikra at personvernet til brukarane vert ivareteke, og at data er trygge. Pleie og omsorg deltek allereie i ulike nettverk knytt til digitalisering og velferdsteknologi. Arbeid med desse oppgåvene krev kompetanse og tid. Det er difor behov for ei eiga stilling knytt til dette i helse og omsorg.

Rapport-KS-kartlegging-av-kostnadar-for-e-helse.pdf viser til at driftskostnadar knytt til e-helse truleg vil dobla seg innan 2050.

Digitalisering av medisinsk-teknisk utstyr i pleie og omsorg og helse/legekontor vil sikra årlege kontrollar, oversikt over reparasjonshistorikk, betre internkontroll og auka pasientsikkerheit. Løysingane vil frigjera tid til pasientarbeid og redusera innleige.

Budsjettramma for digitalisering er fleksibel frå år til år og kan tilpassast endringar i behov og teknologiske framsteg.

Rehabilitering og førebygging – «styrkje grunnmuren»

For å dempa presset på både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta i framtida må kommunen ha fokus på førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Dette gjeld både fysisk, psykisk og sosial helse gjennom heile livsløpet. Rehabilitering og førebygging spelar difor ei avgjerande rolle i helse- og omsorgstenesta.

Rehabilitering og førebygging bidreg til å oppretthalda funksjonsevne, sjølvstende, meistring og livskvalitet. Ved å prioritera ressursar til rehabilitering, frisklivsarbeid, tidleg innsats og førebyggjande tiltak kan kommunen redusera sjukdomsbyrde og utsetja behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester. Dette bidreg både til betre livskvalitet for den enkelte og meir berekraftig bruk av kommunen sine ressursar.

Tidleg innsats innan psykisk helse og rus, oppfølging av barn og unge, kvardagsrehabilitering og aktivitetstilbod for eldre er døme på tiltak som kan førebyggja meir omfattande hjelpebehov seinare. Tilsvarande kan aktivitet, sosial deltaking og møteplassar bidra til å førebyggja einsemd, passivitet og funksjonsfall hjå eldre.

Kommunen står samstundes i ein situasjon der økonomiske rammer utfordrar delar av det førebyggjande arbeidet. Reduksjon av førebyggjande ressursar innan psykisk helse og rus, samt redusert bemanning ved aktivitetsavdelinga, kan på sikt medføra auka behov for meir ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Dette er ei utvikling som må følgjast nøye gjennom planperioden.

Samla sett er rehabilitering og førebygging sentrale verkemiddel for å styrkja innbyggjarane si helse, auka sjølvstende og meistring, førebyggja sjukdom og funksjonsfall, og bidra til berekraftige helse- og omsorgstenester. Kommunen må difor kontinuerleg vurdera balansen mellom kortsiktige innsparingstiltak og dei langsiktige gevinstane av førebyggjande arbeid.

Strategiske utfordringar:

- Tilpassa kapasitet og tenestetilbod til fleire eldre og meir samansette hjelpebehov.
- Rekruttera og behalda tilstrekkeleg fagkompetanse og sikra kontinuitet gjennom store stillingar og føreseielege arbeidsplanar.
- Etablera ein leiarstruktur med tilstrekkeleg kapasitet til personaloppfølging, fagutvikling og kvalitetsarbeid.
- Sikra forsvarleg drift innanfor vedtekne rammer og handtera endringar i individuelle tenestebehov.
- Følgja konsekvensane av redusert aktivitetstilbod for brukarar, pårørande og andre tenester.
- Styrkja meistring og rehabilitering slik at fleire kan bu trygt heime.
- Ta i bruk digitale løysingar med nødvendig opplæring, trygg drift og dokumentert nytte.
- Sikra god samhandling med pårørande, andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta.

8. Investeringsbudsjettet

Hovudoversikter investering

8.1 § 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
1 Investeringer i varige driftsmidler	150 617	138 087	69 050	36 000	32 650	38 900
2 Tilskudd til andres investeringer	162	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	618	600	700	700	700	700
4 Utlån av egne midler	200	400	400	400	400	400
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	151 597	139 087	70 150	37 100	33 750	40 000
7 Kompensasjon for merverdiavgift	11 448	3 187	6 810	1 780	2 280	2 780
8 Tilskudd fra andre	41 578	0	0	0	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	707	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	740	200	200	200	200	200
13 Bruk av lån	62 052	135 400	31 500	22 100	18 370	0
14 Sum investeringsinntekter	116 525	138 787	38 510	24 080	20 850	2 980
15 Videreutlån	4 128	0	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	4 128	0	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	493	300	300	300	300	300
18 Mottatte avdrag på videreutlån	365	300	300	300	300	300
19 Netto utgifter videreutlån	128	0	0	0	0	0
20 Overføring fra drift	-35 740	-100	-31 440	-12 820	-12 700	-36 820
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	740	200	200	200	200	200
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-200	-400	-400	-400	-400	-400
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-35 200	-300	-31 640	-13 020	-12 900	-37 020
27 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	0	0	0	0	0	0

8.2 Bevilgningsoversikt - investering til fordeling

Ansvar	Prosjekt		Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
599	202106	Sysendalen renseanlegg	24 000	4 600	0	0
599	202217	Prosjekt "Kjærøyne"	6 000	5 000	0	0
599	202409	Sjøbua;Grunnarbeid og tak	3 900	0	0	0
100	202501	IKT teknisk (årlege investeringar)	750	750	750	750
599	202507	Prosjekt overflatevatn Lægreid	4 000	0	0	0
599	202513	Investeringar i veg,parkering,G/S	1 250	1 250	1 250	1 250
599	202514	Investeringar i bruer og kai	8 500	0	0	0
599	202601	Torg og sjøfront - Servicebygg	2 500	0	0	0
599	202603	Infrastruktur sentrumsområde	750	0	0	0
599	202611	Utgreiing av kvikkleire Eidfjord Sentrum	1 250	0	0	0
599	202612	Barnehagen - Ombygging og justert romplan	2 000	0	0	0
599	202701	Transportmidlar og anleggsmidlar (årleg investering)	1 900	1 900	1 900	1 900
599	202702	Elektrisk anlegg	400	0	7 500	7 500
599	202703	Adgangskontroll og dører toalettanlegg	500	0	0	0
599	202704	Skilting og informasjon i Eidfjord	150	0	0	0
400	202705	Designmanual for profilering og skilting i sentrum	200	0	0	0
599	202706	Høgdebasseng Sysendalen	7 500	12 500	0	0
599	202708	Automatisk betalingsløysing Tinnhølvegen	750	750	0	0
599	202709	Tak og måling Eidfjordhallen/samfunnshuset	2 750	0	0	0
400	202710	Lydanlegg kino	400	0	0	0
599	209902	Brannvesenet - Ny første innsatsbil	0	3 500	0	0
599	209906	Skuleprosjekt- Rehabilitering skule og nybygg for SFO	0	0	1 000	1 000
599	209907	Utskiftning Vatn og avlaup - Fetalia	0	0	8 000	8 000
599	209909	Nytt renseanlegg nedre Eidfjord	0	0	1 000	1 000
599	209910	Kultursalen ventilasjon	0	0	1 000	1 000
599	209913	Bustadutvikling kommunale tomter	0	0	7 500	7 500
599	209918	Idrettsanlegg - frifot anlegg	0	0	2 000	2 000
599	209919	Inngangsdørar og interne dørar kommunehus	0	750	750	750
599	209920	Vatn og avlaup og mur Tråavegen	0	5 000	0	0
	209920	Helsehus	0	0	0	0
	209921	Omsorgsbustadar	0	0	0	0
			69 450	36 000	32 650	32 650

8.3 Tekstleg kommentar investeringsprosjekt

	Prosjekt budsjett 2027

202106 Sysendalen renseanlegg

Sysendalen reinseanlegg ferdigstillast 1. kvartal 2027. Prøvedrift vil føregå i heile 2027. Det vil vera noko gjenståande arbeid knytt til avslutning av prosjektet slik som riving av Isdøla, Garen pumpestasjon og sluttarrondering.

202217 Kjerøyna

Grunnarbeid med terrengjustering i 2027 inkludert Vat og avlaup infrastruktur og bobiltømmestasjon. Ferdigstilling i 2028 med mål om asfaltering, merking av plassen, Gang og sykkelveg, toalettanlegg og belysning.

202409 Sjøbua videre grunnarbeid og ferdigstilling av tak

Arbeidet inkluderer heving av bygningen, nytt bæresystem under gulv, remontering av gulv 1 etg., utskifting/forsterking av sperr, reparasjon av skadar i bæresystem, ny taktekking inkludert undertak, oppgradering takrenner og reparasjon av utvendig bolverk.

202501 IKT teknisk (årlege investeringar)

Eige liste/vurdering frå IKT over årlege tiltak.Investeringar er planlagt over fleire år og det er lagt inn stipulert sum for kvart år i økonomiplanperioden.

202507 Prosjekt overflatevatn Lægreid

Midlar til dei kostnadane kommunen er ansvarleg for som ekspropriasjon, grunnerverv. Samt midlar til deler av tomt som D&F nyttar pr. idag og som skal nyttast til prosjektet. Midlar til endringar av teknisk areal utomhus. Arealet vert laga til slik at prinsipp i gjeldande reguleringsplan kan realiserast.

202513 Investeringar i veg,parkering, gang og sykkelveg

Årleg avsett sum, kan "spara" eit år og nytta meir eit anna år ved større prosjekt/kostnadar. For 2026 konkret avsettning til autovern Hereidsvegen, etter merknad i budsjett for 2026. I 2027 er det prioritert fortsatt sikring i Heriedsvegen samt utskifting av rekkverk nederst i Kvamsvegen.

202514 Investeringar i bruer (Lund bru 2028) (Tveite bru 2030)

Oppgradering av Lund bru i 2027 i tråd med avvik etter tilsyn. Lund bru vert og oppdatert til høgare aksel og totallaster i tråd med krav til dagens bruk. Tveite bru vert prioritert i slutten av økonomiplanperioden. Må sjå oppgradering i samanheng med nye og oppdaterte flaumfarekartleggjingar frå NVE som kom i 2026.

202601 Torg og sjøfront - Servicebygg

Nytt toalettbygg på torg og sjøfronten i 2027. Dette vil romma toalett og tekniske anlegg som er naudsynt for drift og forsynig av torgplassen og området rundt.

202603 Infrastruktur sentrumsområder

Avsette midlar til prioriterte sentrumstiltak. Arbeidsgruppa for sentrumsutvikling vurderar tiltak.

202612 Barnehagen - utviding og tilpassing av barnehagelokale

På bakgrunn av gjennomførte vurderingar er det behov for å tilpassa og utvida barnehagelokala. Tiltaket skal bidra til meir funksjonelle lokale og betre tilrettelegging for pedagogisk arbeid og spesialpedagogisk oppfølging. Barnehagen har stort behov for areal til spesialpedagogisk oppfølging.

202701 Transportmidlar og anleggsmidlar (årlege investeringar)

Det er transportmidlar som vert prioritert i 2027. Det er fleire bilar som er modne for utskifting. Det er spesielt bilar knytt til drift av park og grønt som vert prioritert i budsjettåret.

202702 Elektrisk anlegg

Nokre av dei elektriske anlegga er modne for modernisering. Prioritert for 2027 er Lægreid gamle skule. I økonomiplanen er kommunehuset sett opp i 2029 for modernisering.

202703 Adgangskontroll og dører toalettanlegg

Nye dørar med adgangskontroll med betalingsløysing på offentleg toalett i den kommunale delen av hotellet.

202704 Skilting og informasjon i Eidfjord

Ulik skilting og merking i sentrum

202705 Designmanual for profilering og skilting i sentrum

Heilskapleg profil og manual for skilting og merking i sentrum. Mål om eit sentrum som er mer atraktivt og lettare å orientera seg.

202706 Høgdebasseng Sysendalen (ER)

Finansiering av høgdebasseng i tråd med utbyggingsavtale og framdrift til Eidfjord Resort.

202708 Automatisk betalingsløysing Tinnhølvegen (2027) og Hjølmovegen (2028)

Vidareført frå budsjett og økonomiplan frå 2026. Automatisk betalingsløysing med skiltgjennkjenning på Tinnhølvegen og Hjølmavegen. Det vert søkt om eksterne midlar til investeringa i tråd med føringar i tiltaksplanen for villrein på Hardangervidda.

